

MASFJORDEN KOMMUNE

Møtebok for Kommunestyret

Den 29.04.2010 kl 12:30 – 17.30 , heldt Kommunestyret møte på Kommunehuset.
Følgjande saksnummer vart handsama i møtet: 015/10 - 032/10 Sak nr 22/10 vart trekt av saklista.

Innkalling til møtet var sendt ut den: 23.04.2010.

Desse møtte:

Arbeiderpartiet:	Høgre:	Senterpartiet:
Liv Oda Dale	Håkon Matre, ordførar	Vigdis Søvik
Lars Solheim	Frode Langhelle	Jon Terje Sætre
Dina Dyrhovden	Wenke Fredheim Ekren	
Bjørn Egil Nordland	Karstein Totland	
Laila Solhaug Reknes		
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Kristeleg Folkeparti:	Framstegspartiet:	Venstre:
Kari Skår Sørheim, varaordførar	Willy Borge	Leila Torsvik Andvik
Siri Tangedal Kratzmeier	Janne Judith K. Sandnes, vara	Per Einar Langhelle
FORFALL:	FORFALL:	FORFALL:

Frå administrasjonen møtte:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen
Rådgjevar Alf Strand
Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl til sak 26 , 28 og 29/10
Sekretær Gerd Allis Håheim som førte møteboka

Ugilde	Sak	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Ordførar Håkon Matre
Utlevert i møtet:	<ul style="list-style-type: none"> • Møtebøker frå formannskap, Fast utval for plansaker og kraftfondsstyre den 20.04.10 • Møtebok frå formannskapsmøte 29.04.10 og møtebok frå Fast utval for plansaker den 29.04.10 • Til sak 19/10 – Rapport Nordhordlandspakken • Til sak 31/10 Skriv og meldingar: Spørsmål frå KrF v/Laila Dávøy og svar frå Kristin Halvorsen i høve Masfjorden folkehøgskule • Tilsynsrapport frå Helsetilsynet, jfr. Sak Skriv og meldingar
Sp.mål/interpell.:	Leila Torsvik Andvik stilte spørsmål om overgang til elektronisk utsending av sakspapir
Synfaring:	

Innkallinga vart godkjent.

Ordførar orienterte frå møte i Fast utval for plansaker før kommunestyret og at sak 22/10 Endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt vert trekt frå saklista til kommunestyret. Grunnen er at planutvalet ville ha ei synfaring før saka vart slutthandsama.

Ordførar orienterte om ei tilleggssak 32/10 Klagesak skuleskyss i Fossdal som var ettersendt til medlemmene. Ordførar spurde kommunestyret om saka kunne tilførast saklista. Dette vart samrøystes vedteke.

Sakslista vart etter dette godkjent.

Ordførar Håkon Matre gjorde framlegg om Karstein Totland og Per Einar Langhelle til å skriva under møteboka.

Dette vart samrøystes vedteke.

Sakliste

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
015/10	10/299	Godkjenning av møteprotokoll	5
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
016/10	10/259	Årsrekneskap 2009 for Masfjorden kommune	6
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
017/10	10/258	Årsmelding 2009 for Masfjorden kommune	10
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
018/10	10/254	Årsmelding for kraftfondet 2009	11
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
019/10	10/176	Nordhordlandspakken - ny samferdselspakke for Nordhordland	13
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
020/10	10/218	Festeavgift og festetid for grav	15
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
021/10	09/705	Endring av reguleringsplan Kleivetoppen hyttefelt - eigengodkjenning	17
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
022/10	09/706	Endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt - eigengodkjenning	Saka trekt
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
023/10	09/853	Reguleringsendring Skjelsundet bustadfelt - eigengodkjenning	21
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
024/10	07/867	Innføring av ein ekstra time på barnesteget	23
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
025/10	09/178	Etablering av avlastningsbustad for bemanning drift	25
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
026/10	06/1114	HMT-system i Masfjorden kommune	27
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
027/10	10/124	Samferdselsutfordringar i Masfjorden kommune- forprosjekt bru over Masfjorden.	29
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
028/10	06/1062	Stillingsomtalar for tilsette i Masfjorden kommune	30
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
029/10	10/59	Forprosjekt - prosjektering av fleirbrukshall på Hosteland	31

Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
030/10	10/297	Delegerte vedtak	34
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
031/10	10/298	Skriv og meldingar	35
Sak nr.	Arkivsaknr	Sakstittel	Sidetal
032/10	10/74	Klagesak - skuleskyss i Fossdalen	37

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	015/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/299
-----------	---------------------

SAK 015/10 - GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 25.02.10 vert godkjent slik han ligg føre.

KS-015/10 VEDTAK:

Møteprotokollen frå kommunestyret den 25.02.10 vert godkjent slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	20.04.2010	027/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.04.2010	016/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-103	Arkivsaknr.: 10/259
--------------	---------------------

SAK 016/10 - ÅRSREKNESKAP 2009 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- 1) Årsrekneskapen 2009 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.910.148,27.
- 2) Årsoverskot 2009 vert nytta til:
 - a) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Solheim kyrkje**
(del som vi får rentekompensasjon til, ikkje teke opp lån, tilrår å bruke overskot 2009, prosjekt vert bokført og aktivert i rekneskapen fellesrådet 2009) med kr. **860.000**
 - b) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Matre skule**
med kr. **289.329,02**
 - c) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sandnes skule**
med kr. **288.192,22**
 - d) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Nordbygda skule**
med kr. **134.351,16**
 - e) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sjukeheimen –
garasje** med kr. **71.743,85**
 - f) **Arbeidsmiljøtiltak** med kr. **1.000 pr. tilsett – 225.000**
 - g) **Restsum (kr. 41.532,02) vert avsett til disposisjonsfond drift**
(balansekonto 2.5600.100)

Finansiering

Årsoverskot 2009

Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

Utskrift vert sendt:

Alle kommunale driftseiningar

Bankar og andre

samarbeidspartar

Fylkesmannen i Hordaland

pb 7310

5020 BERGEN

Nordhordland revisjon IKS

FS-027/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

- 1) **Årsrekneskapen 2009 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.910.148,27.**
- 2) **Årsoverskot 2009 vert nytta til;**
 - a) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Solheim kyrkje (del som vi får rentekompensasjon til, ikkje teke opp lån, tilrår å bruke overskot 2009, prosjekt vert bokført og aktivert i rekneskapen fellesrådet 2009) med kr. 860.000**
 - b) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Matre skule med kr. 289.329,02**
 - c) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sandnes skule med kr. 288.192,22**
 - d) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Nordbygda skule med kr. 134.351,16**
 - e) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sjukeheimen – garasje med kr. 71.743,85**
 - f) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
 - g) **Restsum (kr. 41.532,02) vert avsett til disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100)**
- 3) **jf. Pkt. 2 i saka om årsmelding kraftfondet 2009**

Finansiering

Årsoverskot 2009

Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

Det skjedde i Formannskapet den 20.04.2010:

Fung. rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om rekneskapen.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke med tillegg av forhold teke opp i samband med årsmelding kraftfondet.

KS-016/10 VEDTAK:

- 1) Årsrekneskapen 2009 for Masfjorden kommune vert godkjent slik den ligg føre, med eit rekneskapsmessig overskot med kr. 1.910.148,27.
- 2) Årsoverskot 2009 vert nytta til;
 - a) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Solheim kyrkje** (del som vi får rentekompensasjon til, ikkje teke opp lån, tilrår å bruke overskot 2009, prosjekt vert bokført og aktivert i rekneskapen fellesrådet 2009) med kr. 860.000
 - b) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Matre skule** med kr. 289.329,02
 - c) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sandnes skule** med kr. 288.192,22
 - d) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Nordbygda skule** med kr. 134.351,16
 - e) **Inndekning av udekka investeringar pr. 31.12.09 Sjukeheimen – garasje** med kr. 71.743,85
 - f) **Arbeidsmiljøtiltak med kr. 1.000 pr. tilsett – 225.000**
 - g) **Restsum (kr. 41.532,02) vert avsett til disposisjonsfond drift (balansekonto 2.5600.100)**
- 3) **Unytta kraftfondsmidlar i 2009 rekneskapen vert avsett til fond spesifisert som bustadfond under disposisjonsfond og inn under viltfondet (midlar landbruk), og mellombelse utlån vert ettergitt.**

Finansiering

Årsoverskot 2009

Heimel

Økonomireglement, kommunelova, føresegner kommunale rekneskap og budsjett

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om årsrekneskapen 2009.

Revisjonssjef Reidar Bjørsvik møtte i denne saka og orienterte om revideringa av rekneskapen. Han sa at det er positivt med god budsjettdisiplin.

Wenke Ekren gav uttrykk for at midlar til etableringstilskot kan verta urettferding pga av dei to aldersgrensene på 35 og 40 år. I nokre høve vert tilskotet utbetalt samla og skal gå til felles vatn i private byggefelt. Dette kan slå urettferdig ut for enkelte.

Fungerande rådmann svara at praksisen som er etablert her går på tal tomtar og er fristilt frå alder.

Ordførar Håkon Matre sa at regelverket for etableringstilskot bør evaluerast.

Kari Skår Sørheim takka for god innføring og orientering av årsrekneskapen.

Ho sa det er positivt at me har eit driftsnivå som gjer at me kjem ut med overskot. Sørheim synte til at det mange som søker om å få midlar overført og at det vert bygd opp fond som blir litt store, kanskje millionbeløp. Korleis skal slike midlar budsjetterast?

Ho meinte det burde lagast retningslinjer for korleis slike fond skal brukast akkurat som ein har i kraftfondet.

Fleire av medlemmene gav støtte til KrF i at det må lagast retningslinjer for korleis slike fond skal nyttast.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at det er kommunestyret som bestemmer kva pengane skal brukast til, men at det vil bli laga retningslinjer for dette.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

- Teknisk avstemming

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
2	U	13.04.2010	Nordhordland revisjon IKS	Uttale frå leinga i Masfjorden kommune i høve årsrekneskapen for 2009
3	I	16.04.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Revisjonsmelding til årsrekneskapen 2009 for Masfjorden kommune
4	I	19.04.2010	Nordhordland Revisjon IKS	Kontrollutvalet - særutskrift sak 13/10 Årsrekneskap 2009 for Masfjorden kommune

- av samanhengar i rekneskapen
- KOSTRA (basert på rekneskapstal pr. 16.februar 2009, publisert 16.3.09)

SAKSVEDLEGG:

Rekneskapshefte 2009;

- detaljrekneskap investering, drift og balanse
- hovudoversikta & note til rekneskapen
- økonomisk analyse
- Revisjonsmeldinga til kommunerekneskapen

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Administrasjonen legg fram rekneskapen for 2009 overfor kontrollutval, formannskap og kommunestyret jf. § 10 i føreskrift for kommunale rekneskap.

UTTALE

Revisjonsmeldinga + uttale frå kontrollutvalet 19.april 2010.



Til kommunestyret i Masfjorden kommune

Kopi: Kontrollutvalet
Formannskapet
Rådmann

REVISJONSMELDING FOR 2009


Vi har revidert årsrekneskapen for Masfjorden kommune for rekneskapsåret 2009, der driftsrekneskapen viser kr 90 855 327 til fordeling drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 1 910 148. Vi har også revidert dei budsjettvedtak og disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen. Vidare har vi revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen. Årsrekneskapen er sett saman av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversikter og noteopplysningar. Kommunelova med tilhøyrande rekneskapsreglar i forskrift om årsrekneskap og årsmelding, og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg, er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av rådmannen. Vår oppgåve er å uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samsvar med kommunelova og forskrift om revisjon i kommunar og fylkeskommunar mv.

Vi har utført revisjonen i samsvar med kommunelova, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, med tilhøyrande revisjonsstandardar vedteke av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tilstrekkeleg tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som underbygg informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei nytta rekneskapsprinsippa og vesentlege rekneskapsestimater, og vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god kommunal revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av kommunen si økonomiforvaltning og den interne administrative kontroll. Vi meiner at vår revisjon gir eit forsvarleg grunnlag for vår uttale.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrift og gir eit uttrykk for kommunen si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett
- leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrift.

Isdalstø, 13.04.2010
Nordhordland Revisjon IKS


Reidar Bjørsvik
Revisjonssjef

FAKTA



Viser til sjølve rekneskapsdokumentet (off. rekneskap for 2009) og spesielt analysedelen med fokus på hovudpunkt i 2009 rekneskapen.

Nokre utfyllende forhold kring (drifts)rekneskapen

Rekneskapen 2009 er KOSTRA (Kommune stat rapportering) rapportert til SSB med førebelse rekneskapstal pr. 15.2.2010 og endelege rekneskapstal pr. 15.4.2010.


Vær difor obs på at KOSTRA referanse brukt i sak, årsmelding og rekneskapshefte er basert på førebels rekneskapstal, medan sjølve saka, årsmelding og rekneskapshefte byggjer på endelege rekneskapstal.

Netto driftsresultat – KOSTRA, % vis resultat (Masfjorden utvikling 2007-09, elles 2009);



Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter


Frie inntekter i kroner per innbyggjar;




Som ein ser av diagrammet over, kopla til kraftinntektene jf. side 4 i årsmeldinga og side 25 i rekneskapshefte – ville Masfjorden vore på gjennomsnittet i Hordaland for 2009, om ein held kraftinntektene utanom.

Viser elles til KOSTRA informasjon i årsmelding & rekneskapshefte med diagram og tabell.


Nokre utfyllende forhold kring balanserekneskapen



Langsiktig gjeld (lån og pensjon) i prosent av brutto driftsinntekter;



Netto lånegjeld i kroner per innbyggjar



Arbeidskapital i prosent av brutto driftsinntekter

VURDERING

Sett i forhold til føresetnadene for 2009 budsjettet hausten 2008, er forholda endra til det mykje betre – merka lite til finanskrisen og forventna nedgangstider. Rekneskapen 2009 viser vesentleg styrka frie inntekter, låg rente – har gitt innsparingar på rentekostnad med 2,5 mill.kr. i høve opphavleg budsjett, god avkastning plasserte midlar, driftseiningar som har halde seg innafør tildelt budsjett, og rekord mange søknader om overføring av unytta løyvingar. Det er gjort store avsetjingar i driftsrekneskapen.

Dei avvik vi har (1B), skuldast i stor grad justeringar i høve til KOSTRA rapportering, art – og kor vi har korrigert i rekneskapen, men ikkje alle desse endringane er følgd opp med budsjettendringar. For eksempel tenesteområde felles/andre tenesteområdet og barnehage, kor deler av inntekstpostane er flytta frå 1B til 1A, skjønsmidlar til barnehagane, og kompensasjon rente – og avdrag skulebygg og sjukeheim m.fl. for fellestenesta. Ein ser det under rekneskapskjema 1A, kor rekneskapen syner inntekt på 4,2 mill.kr., medan opphavleg og justert budsjett ligg på 930.000, som medfører at 1A aukar med om lag 3 mill.kr., og kor 1B blir tilsvarande redusert.

På investeringssida har aktiviteten auka gradvis utover i 2009, med stadige oppjusteringar av investeringsplanane, her har ein brukt mykje av oppsparde fondsmidlar til finansiering, og redusert bruk av eksterne lån ned til eit minimum.

Årsoverskotet 2009 bør gå til inndecking av udekka investeringspostar pr. 31.12.09, og er difor tilrådd som pkt. a-e) i framlegg til vedtak.

For udekka post Solheim kyrkje har vi eit finansieringsvedtak som tilseier lån, men tilrår å gjere om finansiering frå eksterne lån til eigenkapital. Verdien av opprustinga vert balanseført i rekneskapen til Masfjorden kyrkjelege fellesråd i 2009.

Jf. note 9 i rekneskapshefte er det ein del prosjekt som er udekka pr. 31.12.09, men kor finansieringa kjem på plass i 2010 eller seinare som står med udekka.

Avsetjing til arbeidsmiljøtiltak har vore eit positivt tiltak, som ein tilrår vidareført.

Rest til disposisjonsfond drift.

Vurderingar elles som del av rekneskapshefte og analysedel.

KONKLUSJON

Ein tilrår at rekneskapen vert godkjent slik den ligg føre og disponering av overskot i samsvar med tilrådinga.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	20.04.2010	025/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.04.2010	017/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 10/258
--------------	---------------------

SAK 017/10 - ÅRSMELDING 2009 FOR MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Årsmelding 2009 for Masfjorden kommune vert teke til vitring slik den ligg føre.

Finansiering

Heimel

Utskrift vert sendt:

Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Nordhordland Revisjon IKS	Pb 16	5902	ISDALSTØ

FS-025/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Årsmelding 2009 for Masfjorden kommune vert teke til vitring slik den ligg føre.

Det skjedde i Formannskapet den 20.04.2010:

Formannskapet gav uttrykk for at det var ei flott og informativ årsmelding som kommunen kan vera stolt av.

Årsmeldinga vart samrøystes teke til vitring.

Utskrift vert sendt:

Fylkesmannen i Hordaland	Pb 7310	5020	BERGEN
Nordhordland Revisjon IKS	Pb 16	5902	ISDALSTØ

KS-017/10 VEDTAK:

Årsmelding 2009 for Masfjorden kommune vert teke til vitring slik den ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Liv Oda Dale sa at årsmeldinga er god og oversiktleg bortsett frå ein del unødvendige uthevingar som godt kunne vore teke vekk.

Årsmeldinga syner stor aktivitet i alle kommunale einingar.

Dale synte til s. 2 i årsmeldinga der står at det er nedfelt lokale mål for einingane og spurde om me har slike lokale mål. Dersom me ikkje har det bør det lagast slike mål.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at det er lokale mål for dei fleste tenester/einingar, men at desse i for liten grad er gjennomgåande frå kommuneplan /samfunnsdel – økonomiplan/handlingsplan og budsjett.

Det er mål om å forbetre dette frå og med budsjett 2011.

Frode Langhelle sa at det er ei god årsmelding. Han synte til at kommunen har mange forskjellige planar som er vedtekne så det er ikkje slik at det ikkje er mål å styra etter.

Leila Torsvik Andvik snakka og om mål og synleggjering av dei. Ho sa at alle avdelingane nok har sine mål å arbeida etter, men ein må og kunna visa kva utfordringar ein har at det ikkje alt berre er glansbilete.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Årsmelding 2009 Masfjorden kommune

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kraftfondsstyret	20.04.2010	003/10	Svein Helge Hofslundsengen
Kommunestyret	29.04.2010	018/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-001	Arkivsaknr.: 10/254
--------------	---------------------

SAK 018/10 - ÅRSMELDING FOR KRAFTFONDET 2009

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Årsmelding 2009 for kraftfondet vert teken til vitring

Finansiering

Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

Utskrift til:

- Fylkesmannen i Hordaland
- Innovasjon Noreg
- Revisjonen

KRFT-003/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

1. Årsmelding 2009 for kraftfondet vert teken til vitring.
2. Unytta kraftfondsmidlar i 2009 rekneskapen vert avsett til fond, spesifisert som bustadfond under disposisjonsfond og inn under viltfondet (midlar landbruk), og mellombelse utlån vert ettergitt

Det skjedde i Kraftfondsstyret den 20.04.2010:

Årsmeldinga vart gjennomgått og kommentert.

Spesielt fokus på siste del i konklusjon i sjølve saka kring årsmelding kraftfondet, side 5 i årsmeldinga.

Kraftfondsstyret drøfta dette forholdet inngåande, og tilrådde at det vart gjort følgjande avsetjingar;

- 1) tilrettelegging bustadføremål – kr. 633.715,-
- 2) landbrukstiltak – 100.000,-

mellombelse utlån kraftfondet – vert ettergitt (etter nærare vurdering av relevans av utlånet);

- Matre bygdelag, forskottering med 20.000
 - Tilrettelegging for straum til framtidig bustadfelt Duesundøy, med 111.476
 - Turbok, status saldo utlån kr. 43.695
-

KS-018/10 VEDTAK:

1. Årsmelding 2009 for kraftfondet vert teken til vitring.
2. Unytta kraftfondsmidlar i 2009 rekneskapen vert avsett til fond, spesifisert som bustadfond under disposisjonsfond og inn under viltfondet (midlar landbruk), og mellombelse utlån vert ettergitt.

Finansiering

Heimel

§ 7 i vedtektene for kraftfondet

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Tilrådinga frå kraftfondsstyret vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Årsmelding kraftfondet – eige hefte

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Årsmelding for Masfjorden kraftfond skal leggjast fram som melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år jf. § 7 i vedtektene.

§ 7 Årsmelding

Det skal leggjast fram ei melding om kraftfondet si verksemd for kommunestyre kvart år. Gjenpart av denne årsmeldinga skal sendast Fylkesmannen og fylkeskommunen.

FAKTA

Viser til årsmeldinga.

Det er gitt eit oversyn over kva kraftfondet er, styre, saker, rekneskap, utlån, støtteordningar, vedtekter og retningsliner for kraftfondet, næringspris – retningsliner og i 2009 gjekk denne til Stordalen skisenter as. Omtale av pilotprosjektet – status og satsingar framover inkl. 2010 budsjett. dokumentasjon kring 2 prosjekt med støtte frå Hordaland fylkeskommune. Avtale om satsing på lokal næringsutvikling. Styrking av kompetansen innan næring og rettleiing av etablerarar og 2010 budsjettet for kraftfondet.

KONKLUSJON

Ein tilrår at årsmeldinga vert teken til orientering

Rådmannen ber om ei konkret tilbakemelding på kommentarar nedre andre spalte side 5 om avsetjingar og forhold kring mellombelse utlån.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	019/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-7, N-016, N-561	Arkivsaknr.: 10/176
--------------------------	---------------------

SAK 019/10 - NORDHORDLANDSPAKKEN - NY SAMFERDSELSPAKKE FOR NORDHORDLAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg til Samferdselspakke for Nordhordland i rapport datert 17.02.10, og gjev Nordhordlandspakken AS fullmakt til å utarbeide framlegg til bompengesøknad basert på denne rapporten.
2. Masfjorden kommune føreset at utkast til bompengesøknad vert lagt fram for kommunestyret, men er klar over at framdrifta for søknaden vil måtta koordinerast med planarbeidet for Nyborgtunnelen og rullering av Nasjonal Transportplan.
3. Masfjorden kommune føreset at bompengesøknaden inneheld framlegg til prioriteringsliste for mindre prosjekt innanfor ramma til trafikksikring, gang/sykkelvegar og kollektivtrafikk.
4. Nordhordlandspakken AS skal innanfor rammene for selskapet si verksemd medverke til god framdrift for planprosessane knytt til dei store prosjekta i pakken.

Finansiering

Heimel

KS-019/10 VEDTAK :

- 1. Masfjorden kommune sluttar seg til framlegg til Samferdselspakke for Nordhordland i rapport datert 17.02.10, og gjev Nordhordlandspakken AS fullmakt til å utarbeide framlegg til bompengesøknad basert på denne rapporten.**
- 2. Masfjorden kommune føreset at utkast til bompengesøknad vert lagt fram for kommunestyret, men er klar over at framdrifta for søknaden vil måtta koordinerast med planarbeidet for Nyborgtunnelen og rullering av Nasjonal Transportplan.**
- 3. Masfjorden kommune føreset at bompengesøknaden inneheld framlegg til prioriteringsliste for mindre prosjekt innanfor ramma til trafikksikring, gang/sykkelveggar og kollektivtrafikk.**
- 4. Nordhordlandspakken AS skal innanfor rammene for selskapet si verksemd medverke til god framdrift for planprosessane knytt til dei store prosjekta i pakken.**

Finansiering

Heimel

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Ordfører Håkon Matre orienterte om saka.

Han sa at heftet Nordhordlandspakken AS med saksutgreiing ikkje var sendt ut ilag med sakspapira. Heftet vart delt ut og kommunestyret fekk nokre minuttar til å lesa gjennom det.

Saka vart drøfta.

Frode Langhelle sa at Masfjorden kommune bør gå for denne pakken og håpar at det blir eit samla vedtak i kommunestyret.

Willy Borge sa at FrP har eit prinsippvedtak om at Staten skal betala vegane. FrP kjem til å gå imot denne vegpakken.

Liv Oda Dale støttar ordfører i at vedlegget kom for seint slik at ein ikkje har fått sett seg skikkeleg inn i saka.

Dale sa at einaste måten for å få til dette vegprosjektet er at det må finansierast med bompengar. Det er ikkje den store summen som er tiltenkt Masfjorden, men Ap kjem likevel til å støtta framlegget.

Kari Skår Sørheim sa at KrF vil støtta framlegget då ein ikkje ser at ein har noko val.

Vigdis Søvik sa at SP vil vera solidarisk med dei andre Nordhordlandskommunane og vil støtta framlegg til vedtak.

Framlegg til vedtak vart vedteke med 15 mot 2 røyster. (FrP)

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	09.03.2010	styreleiar Nordhordlandpakken AS Sveinung Valle	Nordhordlandspakken - framlegg til ny samferdselspakke for Nordhordland
2	I	26.03.2010	Meland kommune	Melding om vedtak frå Meland - Framlegg til ny samferdselspakke for Nordhordland

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Nordhordlandspakken AS v/styret har utarbeidd ny samferdselspakke for Nordhordland (sjå vedlegg)

Styret har formulert eit sams framlegg til vedtak då den vidare framdrifta av endeleg bompengesøknad er avhengig av like vedtak i alle aktuelle kommunar.

Administrasjonen legg saka fram i samsvar med oversending frå styreleiar Sveinung Valle i Nordhordlandspakken AS

HØYRING

UTTALE

FAKTA

VURDERING

KONKLUSJON

Sjå framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	020/10	Svein Helge Hofslundsengen

Arkiv: N-202, N-113	Arkivsaknr.: 10/218
---------------------	---------------------

SAK 020/10 - FESTEAVGIFT OG FESTETID FOR GRAV

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner vedtaket frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd om nye festeavgifter og festetid for grav i Masfjorden kommune slik det ligg føre:

Festeobjekt	Prisar sidan 01.01.2000	Nye prisar - vedtekne
1. Feste for enkeltgrav når fredningstida er ute (30 – 60 år)	Kr. 50,-/år	Kr 100,-/år
2. Feste for enkeltgrav ved utvida fredningstid (etter 60 år)	Kr 80,-/år	Kr 160,-/år
3. Feste av særskilt gravstad for ektefelle/sambuar og oppattnying av feste:	Kr 50,-/år	Kr 100,-/år
4. Familiegravstad på Frøyset (9 graver)	Kr 400,-/år	Kr 800,-/år
5. Gravplass for personar busette utanfor kommunen og som ikkje har rett til frigrav (30 år)	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds kiste:	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds urne:	Kr 750,-	Kr 1.500,-
6. Avgiftene skal justerast minst kvart 5. år		

Finansiering

Heimel

KS-020/10 VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner vedtaket frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd om nye festeavgifter og festetid for grav i Masfjorden kommune slik det ligg føre:

Festeobjekt	Prisar sidan 01.01.2000	Nye prisar - vedtekne
1. Feste for enkeltgrav når fredningstida er ute (30 – 60 år)	Kr. 50,-/år	Kr 100,-/år
2. Feste for enkeltgrav ved utvida fredningstid (etter 60 år)	Kr 80,-/år	Kr 160,-/år
3. Feste av særskilt gravstad for ektefelle/sambuar og oppattnying av feste:	Kr 50,-/år	Kr 100,-/år
4. Familiegravstad på Frøyset (9 graver)	Kr 400,-/år	Kr 800,-/år
5. Gravplass for personar busette utanfor kommunen og som ikkje har rett til frigrav (30 år)	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds kiste:	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds urne:	Kr 750,-	Kr 1.500,-
6. Avgiftene skal justerast minst kvart 5. år		

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Saka vart drøfta.

Liv Oda Dale, AP, spurde om kva reglar som gjeld og kva som er bakgrunn for satsane. Dale spurde om ein kunne utsetja saka til ein hadde fått sett seg inn i bakgrunnsmateriale.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen svara at saka gjeld avgiftene og ikkje endringar i retningslinene elles.

Kari Skår Sørheim, KrF, sa at ho trur ikkje me gjer noko gale i å vedta satsane slik dei no ligg. Ho er usikker på om reglane for dette er ei sak som kommunestyret kan gjera vedtak om eller om det ligg til fellesrådet.

Ordførar konkluderte med at ein gjer vedtak i saka, men at kommunestyret bed om ei nærare utgreiing om kva reglar/retningslinjer som ligg til grunn for satsane.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	26.03.2010	Masfjorden kyrkjelege fellesråd v/Svein Kvamsdal	Informasjon om festeavgift og festetid for grav - vedteke i sak 12/10 i fellesrådet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Masfjorden kyrkjelege fellesråd har i møte den 18. mars 2010 handsama sak om ny festeavgift for grav i Masfjorden kommune.

Masfjorden kommune har lenge lege 50 % lågare i festepris i dei fleste andre kommunar. Fellesrådet er av den oppfatning at det er naturleg at festeavgiftene vert harmoniserte med avgiftene til dei omkringliggjande kommunane.

Kyrkjeverje ber no Masfjorden kommunestyre om å godkjenna dei nye prisane som MKF vedtok i møte den 18. mars 2010

FAKTA

Vedtak frå Masfjorden kyrkjelege fellesråd:

Festeobjekt	Prisar sidan 01.01.2000	Nye prisar - vedtekne
1. Feste for enkeltgrav når fredningstida er ute (30 – 60 år)	Kr. 50,-/år	Kr 100,-/år
2. Feste for enkeltgrav ved utvida fredningstid (etter 60 år)	Kr 80,-/år	Kr 160,-/år
3. Feste av særskilt gravstad for ektefelle/sambuar og oppattnying av feste:	Kr 50,-/år	Kr 100,-/år
4. Familiegravstad på Frøyset (9 graver)	Kr 400,-/år	Kr 800,-/år
5. Gravplass for personar busette utanfor kommunen og som ikkje har rett til frigrav (30 år)	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds kiste:	Kr 2.000,-	Kr 4.000,-
• Avgift for gravlegging av utanbygds urne:	Kr 750,-	Kr 1.500,-
6. Avgiftene skal justerast minst kvart 5. år		

VURDERING:

Rådmannen har gått gjennom saka frå fellesrådet og ser det som rimeleg at festeavgiftene vert auka slik at dei føl nivået i dei omkringliggjande kommunane.

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner framlegg til nye festeavgifter slik det ligg føre frå fellesrådet.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	20.04.2010	023/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.04.2010	021/10	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	29.04.2010	031/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 09/705
---------------------	---------------------

SAK 021/10 - ENDRING AV REGULERINGSPLAN KLEIVETOPPEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre

Finansiering

Gebyrregulativet

Heimel

Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:

Høyringspartane

FUP-023/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.04.2010:

Ordførar gjorde framlegg om å utsette saka til eit ekstra planutvalsmøte før kommunestyret den 29.04.2010

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-031/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.04.2010:

Ordførar orienterte om saka. Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke

KS-021/10 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Tilrådinga frå planutvalet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	17.02.2010	32 mottakere...	Melding om politiske vedtak - endring av reguleringsplan Kleivetoppen - sendast på høyring
4	I	19.02.2010	Mattilsynet	Endring av reguleringsplan Kleivetoppen - Høyring - uttale
5	I	23.02.2010	NGIR	Uttale til endring av reguleringsplan Kleivetoppen
6	I	10.03.2010	Hordaland fylkeskommune	Kleivatoppen - endring av reguleringsplan - uttale
7	I	18.03.2010	Librotet hyttefelt v/Kari Torstensen	Innspeil til endring av reguleringsplan for Kleivetoppen
8	I	31.03.2010	NVE	Fråsegn til offentleg ettersyn av endring av reguleringsplan Kleivetoppen

Utskrift vert sendt:

Høyringspartane

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er søkt om endring av reguleringsplanen for Kleivetoppen hyttefelt grunna i: det er ein del endring i grenselinjer i forhold til reguleringsplankartet som har oppstått etter kartforretning og innmåling av tomtegrenser.

- deler av vegen gjennom feltet er endra i forhold til reguleringsplankartet
- mindre endring av plangrense
- deler av høgspenlinja er lagt i kabel og det er difor ønskje om å redusere fareområde i samband med denne linja.
- vatn- og avløpsplan for hyttefeltet er planlagt i ettertid av planprosessen og det er ønskjer om å ajourføre plankartet med 1 område for tekniske anlegg.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring den 17.02.2010 med høyringsfrist 06.04.2010 Det har kome 5 uttaler til høyringsframlegget.

UTTALE

Mattilsynet:

Mattilsynet viser til drikkevannsforskrifta og peiker på at det er eit krav at det vert søkt om godkjenning av vassforsyningssystem når det forsyner minst 20 hytter. Mattilsynet skriv vidare at godkjenning er ein omfattande og gebyrbelagt prosess og søker må starte søknadsprosessen før vassforsyninga vert etablert. Det er det lokale Mattilsynet som gjev godkjenning av vassforsyningssystem etter uttale frå kommunen (vanlegvis kommunelege 1 ut frå omsynet til miljøretta helsevern og teknisk avdeling når det gjeld arealdisponering).

Kommentar frå planleggar:

Utbyggar er merksam på dette, vassforsyninga er planlagt etter samtalar med Mattilsynet. Forsyninga er planlagt felles for Kleivetoppen og Librotet, med vatn frå 2 borehol, pumpestasjon, samletank 30 m³ og UV-reinseanlegg. Formell søknad er undervegs til Mattilsynet. Merknaden frå Mattilsynet er å betrakte som ein merknad til gjennomføringa av utbyggina, og er ikkje problematisk i høve til godkjenninga av reguleringsplanen.

Rådmannen har merka seg uttalen frå Mattilsynet og er glad for at planleggar har dialog med Mattilsynet i etableringa av vassforsyninga for Kleivetoppen og Librotet hyttefelt. Rådmannen ser at Mattilsynet ikkje har kome med merknader til planframlegger, eller rådd til endringar i føresegnene som kan sikre framdrift i godkjenning av vassforsyningssystema. Rådmannen ønskjer å sikre framdrifta i godkjenningsprosessen med å sette krav til at dette skal vere på plass før det vert gjeve ferdigattest på hyttene i felta.

NGIR:

NGIR skriv at det i område med konsentrert utbygging av fritidsbustader, bør vurderast å sette av stad til utplassering av hyttekonteinar. Dei skriv vidare at det er viktig at tilkomstvegen har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk slik at renovasjonsbilane kan nytte vegen. Det bør og settast av plass til at renovasjonsbilen kan snu ved konteinaren.

Kommentar frå planleggar:

Uttalen går på generette reglar for levering av avfall. I vårt tilfelle vil container bli plassert nede i kryss fylkesveg, der det allereie er etablert oppstilling for container.

Rådmannen meiner at dei punkta som NGIR peiker på, vart det tatt omsyn til når planen vart utarbeidd første gong. Denne endringa som ligg i reguleringsplanframlegget, påvirker ikkje avkøyringa frå fylkesvegen og plassering av hyttekonteinar.

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune skriv at dei ikkje kan sjå at vesentlege regionale interesser vert råka av reguleringsendringa.

Kari og Bjørn Thorstensen, Eli Karin og Fred Bjørnstad, Frode Davidsen/Kari Marit Sandnes og Tor Rydland/Bente Urø

Brevskrivarane viser til tidlegare dialog med Masfjorden kommune kor dei har gjort oss merksam på at tenkt plassering av hytta i terrenget var merka slik at hytte ville kome på det høgste punktet. Dei viser vidare til synfaring med planleggar der det vart avtalt at plassering av hytta skulle flyttast 3 til 4 meter inn på plataet. Ifølgje brevskrivarane er ikkje dette følgt opp i høyringsframlegget. Slik hytta er plassert i planframlegget vil ho skjermje for sola for nokon av hyttene nedafor i Librotet hyttefelt og dei avsluttar brevet med å krevje av hytta vert plasser der ho opphavleg vart innregulert.

Kommentar frå planleggar:

Det blir påpeika at hytte på tomt 16 vil ligge eksponert i terrenget, og at hytta bør flyttast i samsvar med opphavleg godkjente plassering.

Når hytta er flytta slik den viser på planframlegget, er det fordi den då vil ligge på ei flate som ikkje vil krevje terrengmessige inngrep i det heile. Tomtekjøpar har i samråd med teknisk etat tilpassa teikningar for hytte slik at denne vil dominere minst mogeleg på tomten. Hytta ligg langt frå eksisterande hytter, inkludert hyttene til dei som har sendt merknaden. Vi kan ikkje sjå at hytta slik den er tenkt plassert vil vere til sjenanse for andre hytter.

Rådmannen meiner at ei synfaring på staden vil avklare plassering av denne hytta til beste for alle partar. Sidan tomta allereie er selt, meiner rådmannen at ei slik synfaring kan gjerast i byggesaka,

NVE:

NVE har ikkje merknader til planendringa.

FAKTA**VURDERING**

Rådmannen er opptatt av at hyttefeltet får eit godkjent vassforsyningsssystem og vil bidra til å sikre framdrifta i godkjeningsprosessen med å legge til eit punkt i føresegnene som krev at vassforsyningsssystemet er godkjent før hyttene kan få ferdigattest.

Når det gjeld plassering av hytte nr 16 meiner rådmannen at den best optimale plassering vil ein kome fram til under ei synfaring der alle partar er tilstades. Dette kan gjerast i byggesaka for tomt nr 16 under føresetnad av at hytteeigarar i Librotet som solmessig og utsiktsmessig kan bli påverka av plasseringa, vert invitert til å vere med på denne synfaring.

Rådmannen viser til kommentarane over og foreslår følgjande endring i plankart og føresegner:

Det er lagt til nytt strekpunkt under paragraf 3. BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER.

- Før det vert gjeve ferdigattest på hyttene, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningsssystemet.

I kartet er juridisk line som viser plassering av hytte nr 16 tatt bort og det er lagt til nytt strekpunkt under paragraf 3. BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER.

- for tomt nr 16 skal plassering av hytte vurderast og godkjennast i byggesaka.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at endring av reguleringsplan for Kleivetoppen hyttefelt med plankart og – føresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	20.04.2010	022/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.04.2010	022/10	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	29.04.2010	030/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 09/706
---------------------	---------------------

SAK 022/10 - ENDRING AV REGULERINGSPLAN LIBROTET

HYTTEFELT – EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Libortet hyttefelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre

Finansiering
gebyrregulativet

Heimel
Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:
Høyringspartane

FUP-022/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.04.2010:

Ordførar gjorde framlegg om å utsette saka til eit ekstra planutvalsmøte før kommunestyret den 29.04.2010

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-030/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.04.2010:

Ordførar orienterte og sette fram framlegg om at saka skulle utsettast i påvente av ei synfaring.

Framlegg til ordførar vart samrøystes vedteke.

KS-022/10 VEDTAK:

Det vert halde synfaring og saka vert utsett.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Saka vart utsett i planutvalet og trekt av saklista til kommunestyret.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
3	U	18.02.2010	33 mottakere...	Melding om politisk vedtak - endring av reguleringsplan Librotet - planforslag sendast på høyring
4	I	19.02.2010	Mattilsynet	Endring av reguleringsplan Librotet - Uttale
5	I	24.02.2010	NGIR	Uttale til reguleringsplan Librotet
6	I	10.03.2010	Hordaland fylkeskommune	Librotet hyttefelt - endring av reguleringsplan - uttale
7	I	11.03.2010	Kystverket Vest	Uttale til endring av Librotet hyttefelt
8	I	18.03.2010	Dagfinn Nyland	Uttale til endring av reguleringsplan for Librotet
10	I	30.03.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Uttale til endring av reguleringsplan Librotet hyttefelt Stordalen
9	I	31.03.2010	Solveig B. Vasstveit og Rune M Vasstveit	Innspill til reguleringsplan Librotet
11	I	13.04.2010	Ing. Bjørnar Vik	Uttale til reguleringsplan Librotet hyttefelt

BAKGRUNN

Det er søkt om endring av reguleringsplanen for Librotet hyttefelt grunna i:

- det er ein del avvik i grenselinjer i forhold til reguleringsplankartet som har oppstått etter kartforretning og innmåling av tomtegrenser
- tilkomstvegen er endra i forhold til reguleringsplankartet
- tomt 17 og 18 er flytta til ny stad
- vatn- og avløpsplan for hyttefeltet er godkjent i ettertid av planprosessen og det er ønsker om å ajourføre plankartet med 2 områder for tekniske anlegg.

HØYRING

Reguleringsplanen vart sendt på høyring den 17.02.2010 med høyringsfrist 06.04.2010. Det har kome 7 uttaler til høyringframlegget.

UTTALE

Mattilsynet:

Mattilsynet viser til drikkevannsforskrifta og peiker på at det er eit krav at det vert søkt om godkjenning av vassforsyningssystem når det forsyner minst 20 hytter. Mattilsynet skriv vidare at godkjenning er ein omfattande og gebyrbelagt prosess og søker må starte søknadsprosessen før vassforsyninga vert etablert. Det er det lokale Mattilsynet som gjev godkjenning av vassforsyningssystem etter uttale frå kommunen (vanlegvis kommunelege 1 ut frå omsynet til miljøretta helsevern og teknisk avdeling når det gjeld arealdisponering).

Kommentar frå planleggar:

Utbyggar er merksam på dette, vassforsyninga er planlagt etter samtalar med Mattilsynet. Forsyninga er planlagt felles for Kleivetoppen og Librotet, med vatn frå 2 borehol, pumpestasjon, samletank 30 m³ og UV-reinseanlegg. Formell søknad er undervegs til Mattilsynet. Merknaden frå Mattilsynet er å betrakte som ein merknad til gjennomføringa av utbyggina, og er ikkje problematisk i høve til godkjenninga av reguleringsplanen.

Rådmannen har merka seg uttalen frå Mattilsynet og er glad for at planleggar har dialog med Mattilsynet i etableringa av vassforsyninga for Kleivetoppen og Librotet hyttefelt. Rådmannen ser at Mattilsynet ikkje har kome med merknader til planframlegger, eller rådd til endringar i føresegnene som kan sikre framdrift i godkjenning av vassforsyningssystema. Rådmannen ønskjer å sikre framdrifta i godkjenningsprosessen med å sette krav til at dette skal vere på plass før det vert gjeve ferdigattest på hyttene i felta.

NGIR:

NGIR skriv at det i område med konsentrert utbygging av fritidsbustader, bør vurderast å sette av stad til utplassering av hyttekonteinar. Dei skriv vidare at det er viktig at tilkomstvegen har tilstrekkeleg breidde og tåler tilstrekkeleg akseltrykk slik at renovasjonsbilane kan nytte vegen. Det bør og settast av plass til at renovasjonsbilen kan snu ved konteinaren.

Kommentar frå planleggar:

Uttalen går på generette reglar for levering av avfall. I vårt tilfelle vil container bli plassert nede i kryss fylkesveg, der det allereie er etablert oppstilling for container.

Rådmannen meiner at dei punkta som NGIR peiker på, vart det tatt omsyn til når planen vart utarbeidd første gong. Denne endringa som ligg i reguleringsplanframlegget, påvirker ikkje avkøyringa frå fylkesvegen og plassering av hyttekonteinar.

Hordaland fylkeskommune:

Hordaland fylkeskommune skriv at dei ikkje kan sjå at vesentlege regionale interesser vert råka av reguleringsendringa.

Kystverket Vest

Kystverket har ingen merknader til reguleringsendringa.

Dagfinn Nyland

Dagfinn Nyland finn den endra plassering av tomt 17 og 18 svært uheldig for sin eigedom då begge hyttene vil verte liggande på eit høgdedrag over deira eigedom. Ei plassering søraust og sør for deira eigedom vil ta sola får frå ein opparbeidd uteplass store deler av dagen og ei slik plassering vil verke sjenerande med tanke på innsyn på omtalt uteplass. Nyland gjer vidare merksam på at dei ikkje var tilstades under innmåling av framlegg til nye hyttetomter og vonar rådmannen rår frå plassering av tomtene 17 og 18 slik høyringsframlegget viser.

Rune M. Vasstveit / Solveig B. Vasstveit

Rune M. Vasstveit og Solveig B. Vasstveit skriv at dei har kontrakt på hyttetomt 17 og ser at denne avvik plasseringsmessig og storleiksmessig frå det dei fekk forklart på visning. Tomt 17 er på reguleringsplankartet målt til 411 m² noko som i følgje brevskrive gjer at dei ikkje kan bygge større hytte enn 80 m². Dei ønskjer at tomta vert minimum 500 m². Når det gjeld plassering ønskjer dei tomta flytta ca 40-50 meter mot sør. Dette er grunna blant anna med at dette vil gje flatare tomt og best mogleg sol og utsiktsforhold. Det vil å gjere det lettare å etablere avlaup.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen har inga kommentar til ny lokalisering av vegen eller til plassering av område for tekniske anlegg, men er kritisk til ny lokalisering av tomt 17 og 18. Desse tomtene vil, etter fylkesmannen si mening, verte lagd på eit høgdedrag og vil ligge eksponert til i eit ope terreng og vil ikkje vere i tråd med landskapsomsynet som er nedfelt i kommuneplanen. Fylkesmannen avsluttar med at tomtene bør trekkast ned i terrenget slik at dei ligg mindre eksponert og at tomt 17 bør lokaliserast tettare opp mot eksisterande hytter.

Merknader frå planleggar:

Fylkesmannen har merknader til plassering av tomtane 17 og 18, og rår frå at desse blir lokalisert som vist på kart. Etter vår mening er desse tomtane fint terrengtilpassa. Dei er trekt med på kvar side av kollen, i staden for å plassere dei på høgast kollen. Vi vil tru at om kartet hadde hatt 1 m koter, ville dette vore tydeleg for den som les kartet, Slik hyttene er tenkt plassert, vil dette taket komme over nivået for toppen av kollen.

Vi kan likevel vere med på å flytte tomt 17 om lag 30 m lenger mot sør, der hytta vil ligge inne på ei flate. På vedlagte skisse er ny lokalisering vist. Ny plassering vil vere i samsvar med ynksje får Dagfinn Nyland og kjøparen Vasstveit.

Når det gjeld tomt 18, ser vi ikkje grunn til å flytte denne.

Rådmannen merkar seg at fylkesmannen rår frå lokalisering av tomt 17 og 18 slik høyringsframlegget viser. Planleggar og kjøpar har kome med framlegg til ny plassering av tomt 17 som vil føre til at hytta vert liggande endå lengre vekk frå dei andre hyttene enn det framlegget viser. Dette er uheldig sidan fylkesmannen rår til at hytta vert plassert nærare dei andre hyttene enn slik framlegget viser. Rådmannen kan ikkje tilrå denne flyttinga utan å ha vore på synfaring.

VURDERING


Rådmannen er opptatt av at hyttefeltet får eit godkjent vassforsyningsystem og vil bidra til å sikre framdrifta i godkjeningsprosessen med å legge til eit punkt i føresegnene som krev at vassforsyningsystemet er godkjent før hyttene kan få ferdigattest.

Når det gjeld plassering av hytte nr 17 og 18 meiner rådmannen at den best optimale plasseringa vil ein kome fram til under ei synfaring der alle partar inkludert planutvalet er tilstades. Då må plansaka utsettast og synfaringa gjennomførast når snøen er borte.

Alternativt kan ein godkjenne planen i møtet men då med plassering av hyttetomtene 17 og 18 slik dei er i gjeldande plan.

I skissa er tomtene i høyringsframlegget vist med svart farge.

Rådmannen kan ikkje rå til ei flytting av



hyttetomt 17 utan først å ha vore på synfaring og høyrte naboane" i Librotet.

Rådmannen viser til kommentarane over og foreslår følgjande endring i plankart og føresegner:

Det er lagt til nytt strekpunkt under paragraf 3. BYGGEOMRÅDE FOR HYTTER.

- Før det vert gjeve ferdigattest på hyttene, skal det ligge føre godkjenning frå Mattilsynet på vassforsyningssystemet.

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at plansaka vert utsett og at planutvalet gjennomfører ei synfaring seinare i vår for å kome fram til best mogeleg plassering av hyttetomtene 17 og 18 . Ønskjer planutvalet å avgjere plansaka i dette møte, rår rådmannen til at endring av reguleringsplan for Librotet hyttefelt med plankart og –føresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Fast utval for plansaker	20.04.2010	025/10	Anne Kristin Rafoss
Kommunestyret	29.04.2010	023/10	Anne Kristin Rafoss
Fast utval for plansaker	29.04.2010	032/10	Anne Kristin Rafoss

Arkiv: N-504, N-TML	Arkivsaknr.: 09/853
---------------------	---------------------

SAK 023/10 - REGULERINGSENDRING SKJELSUNDET BUSTADFELT - EIGENGODKJENNING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre

Finansiering
gebyrregulativet

Heimel
Plan- og bygningslova

Utskrift vert sendt:
Høyringspartane

FUP-025/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saka vart utsett.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 20.04.2010:

Ordførar gjorde framlegg om å utsette saka til eit ekstra planutvalsmøte før kommunestyret den 29.04.2010

Framlegg frå ordførar vart samrøystes vedteke.

FUP-032/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre med desse endringane:

- Plankartet skal oppdaterast når det gjeld byggegrense for tomt 10
- § .3.1 vert endra til:
 - I området kan oppførast 12 einebustader
 - Byggegrense mot friluftsførmålet skal vere i samsvar med område sett at til byggeområde i kommuneplanen sin arealdel.

Det skjedde i Fast utval for plansaker den 29.04.2010:

Ordførar orienterte og saka vart drøfta.

Rådmannen sa at byggegrense for tomt 10 var feil i kartet og sa at dette skulle rettast før utsending av vedtak.

Det vart jobba fram følgjande framlegg til endringar til vedtaket:

- Plankartet skal oppdaterast når det gjeld byggegrense for tomt 10
- § .3.1 vert endra til:
 - I området kan oppførast 12 einebustader
 - Byggegrense mot friluftsførmålet skal vere i samsvar med område sett at til byggeområde i kommuneplanen sin arealdel.

Framlegg til vedtak med endringane som vart jobba fram i møtet vart samrøystes vedteke.

KS-023/10 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-12 vert endringa av reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt med plankart og –føresegner vedteken slik han ligg føre med desse endringane:

- Plankartet skal oppdaterast når det gjeld byggegrense for tomt 10
- § .3.1 vert endra til:
 - I området kan oppførast 12 einebustader
 - Byggegrense mot friluftsførmålet skal vere i samsvar med område sett at til byggeområde i kommuneplanen sin arealdel.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Tilrådinga frå planutvalet vart samrøystes vedteken.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	18.12.2009	Ing Bjørnar Vik	Reguleringsendring Skjelsundet
3	U	18.02.2010	Barnas representant; BKK nett As; Fylkesmannen i Hordaland; Kystverket Vest; Nordhordland og Gulen renovasjonsselskap; Erik Andreas Riisnes; Aslaug Riisnes; Tommy Kvamsdal; Espen Angeltvedt; Erlend Kvamsdal / Lene Hansen Kvamsdal; Kent Remy Berge Kvamsdal / Marianne Berge Kvamsdal; Vivian Kvamsdal; Vidar Kvamsdal; Linn Elisabeth Birkeland / Olav Bjarte Hjartholm; Lennart Romarheim; Frank Tore Molland; Norvald Oppdal; Marianne Ulvatn; Thomas Borge; Stein-Oskar Molland; Bjørnar Reknes; Robin Romarheim	Melding om politisk vedtak - endringa av reguleringsendring Skjelsundet - planframlegg sendt på høyring
5	I	24.02.2010	NGIR	Uttale til reguleringsendring Skjelsundet
4	I	26.02.2010	Talsmann Skjelsundet bustadfelt v/Erlend Kvamsdal	Innspel til reguleringsendring Skjelsundet sak 06/10
6	I	26.02.2010	miljøvernavingdelinga Fylkesmannen i Hordaland	Til uttale - Masfjorden - Skjelsundet - Planframlegg - Endring av reguleringsplan
7	I	11.03.2010	Kystverket Vest	Uttale til reguleringsendring Skjelsundet bustadfelt
8	I	06.04.2010	Aslaug Riisnes	Merknad til høyring - Reguleringsendring Skjelsundet

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Det er søkt om endring av reguleringsplanen for Skjelsundet bustadfelt grunna i at ein ønskjer at dei to siste tomtene i feltet og leikeklassen bytter plass.

Høyring

Reguleringsplanen vart sendt på høyring den 18.02.2010 med høyringsfrist 06.04.2010. Det har kome 5 uttaler til høyringsframlegget.

UTTALE

Erlend Kvamsdal, talsmann for Skjelsundet bustadfelt

Erlend Kvamsdal skriv at tomt 4, 10 og 13 vert hardt råka av byggegrensa då ho er innteikna over tiltenkt byggeområde. Byggegrensa har ikkje tatt omsyn til korleis tomtene ser ut geografisk med tanke på godkjent planering eller utforming som vil gje ei best mogleg utnytting av dei einskilde tomtene.

Kvamsdal skriv vidare at formålet med fellesmarina (kalla landingsbrygge i reguleringsplan-føresegner) er at innbyggjarane i Skjelsundet bustadfelt skal få tilgang til sjøen slik som meininga var frå starten av. Han viser til møtereferat mellom kommunen og potensielle tiltakshavarane i Skjelsundet frå april 2006. Bakgrunnen for å foreslå 3 einingar (auke frå 2) er den geografiske utstrekkinga av bustadfeltet, der berre 2 einingar (slik det ligg i gjeldande plan) vil vere til stor belastning for ei av tomtene.

Den landingsbrygga som er vist øvst i reguleringsplankartet er etablert. Landingsbrygge nr 2 er og etablert men på ein annan stad enn det reguleringsplankartet viser. Det er gjeve løyve til denne nye plasseringa (rett ut frå tomt nr 6) i delegert vedtak frå 16.12.2009. Landingsplass nr 3 er tenkt litt lenger sør enn det som vist i reguleringsplankartet (rett ut frå tomtegrensa mellom tomt 11 og 12).

Kvamsdal skriv til sist at det er naudsynt å forlengje landingsplassane med 5 meter (frå 10 til 15 meter) for å gjere plass til 4 båtar på kvar eining.

Sakshandsamar vidareførte byggegrensa frå gjeldande plan utan å vere klar over at det var gjeve løyve til planering av einskild tomt som tillet byggeområde utover gjeldande byggegrense. Byggegrensa for dei tomtene det gjeld er no retta til å samsvare med løyve gjeve i dei delegerte vedtaka.

Sakshandsamar vidareførte to landingsbrygger frå gjeldande plan utan å vere klar over at det (i praksis) var gjeve løyve til å tre slike brygger ved hjelp av eit delegert vedtak. Rådmannen finn difor å kunne tilrå tre landingsbrygger i planen der

- ei (lengst nord) er etablert etter gjeldande plan
- ei (i midten) er etablert etter delegert vedtak
- ei (lengst sør) er flytta litt lenger sør enn det som er vist på høyringsframlegget.

Rådmannen ser at det er behovet for lengre landingsbrygger, men kan ikkje ta det inn i planen no utan å ha det med i høyringsrunden.

NGIR

NGIR skriva at ein bør setta av samlingsplass som er stor nok til å kunne ta i mot to dunkar pr. hushald. Det er då viktig at tilkomstveg – til samleplassen – har tilstekteleg breidde og tåler tilstekteleg akseltrykk, slik at renovasjonbilen kan nytte den.

Rådmannen meiner at dette burde vore spelt inn då planen vart handsama første gong. Dette er ei endring på formål på to tomter og berører ikkje vegen og avkøyrsløse.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga

Fylkesmannen ser positivt på eit større og betre tilrettelagd leikeareal og har ikkje andre merknader til planen.

Kystverket, vest

Kystverket ser seg nøgd med at føresegnene om søknadsplikta etter havne- og farvannsloven er endra i samsvar med ny lov og har ingen andre merknader til reguleringsplanendringa.

Aslaug Riisnes

Aslaug Riisnes skriv at i reguleringsplankartet er strandlina på gnr 5 bnr 17 tatt inn i arealet over friluftformål, sjølv om det i føresegnene vert presisert at nemnde eigedom ikkje er medlem i det innregulerte friluftformålet.

Rådmannen ønskjer ikkje – og vil heller ikkje få lov av fylkesmannen – å legge byggeområde (det lys gule område) heilt i sjø. Det er difor i alle nye planar lagt inn eit grøntområde (formål friluft) mellom byggeområde og sjø. Dette vil ikkje sei at den delen av gnr 5 bnr 17 som ligg i friområde er medlem i det omtalte friluftsområde. Friluftsområde for resten av bustadfeltet er frådelt hovudbruket og eigd av alle som eig bustadtomt innafor Skjelsundet bustadfelt minus bnr 17. Det står klart i føresegnene. Det gjeld eigne føresegner for begge friluftsområda.

FAKTA

VURDERING

Rådmannen viser til kommentarane over og foreslår følgjande endring i plankart og føresegner:

- byggegrensa vert teikna inn i samsvar med delegert vedtak for dei einskilte tomtene
- landingsbrygga som det vart gjeve løyve til i delegert vedtak i des 2009 vert tatt inn i planen
- landingsbrygga i sør vert flytta litt lengre sør slik ønskje frå Erlend Kvamsdal er

§ 6 setning 4 vert endra til:

- tomtelaget kan likevel legge ut 3 landingsbrygger som vist i plankartet. Desse kan ha lengde inntil 10 meter ved fjæra sø

KONKLUSJON

Rådmannen rår til at endring av reguleringsplan for Skjelsundet bustadfelt med plankart og reguleringsføresegner vert vedteken slik han ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	20.04.2010	024/10	Alf Strand
Kommunestyret	29.04.2010	024/10	Alf Strand

Arkiv: N-212	Arkivsaknr.: 07/867
--------------	---------------------

SAK 024/10 - INNFORING AV EIN EKSTRA TIME PÅ BARNESTEGET

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Den ekstra timen som vert innført på mellomsteget frå hausten 2010 skal gå til faget matematikk. Rektor avgjer kva klassesteg timen skal leggjast på..

Finansiering

Timen ligg inne i det tildelte rammetimetalet og fører såleis ikkje til nokon ekstra kostnad.

Heimel

Utskrift vert sendt:

Alle skulane i Masfjorden

FS-024/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Den ekstra timen som vert innført på mellomsteget frå hausten 2010 skal gå til faget matematikk. Rektor avgjer kva klassesteg timen skal leggjast på..

Finansiering

Timen ligg inne i det tildelte rammetimetalet og fører såleis ikkje til nokon ekstra kostnad.

Heimel

Det skjedde i Formannskapet den 20.04.2010:

Kari Skår Sørheim, KrF, spurde om dette ein reell ekstra time eller er det noko som ligg inne frå før?

Rådgjever Alf Strand sa at frå Staten si side er dette ein ekstra time frå hausten 2010. For Masfjorden er det eigentleg ikkje det. Våre klassar på mellomsteget går for mykje i høve det som er vedteke på nasjonalt plan.

Masfjorden har hatt dette sida midtskyssen vart teke vekk slik at denne timen ligg inne i rammetimetalet.

Skuleeigar skal bestemma kva fag denne timen skal brukast til.

Rektorane har valt at det er matematikk som treng å styrkast, jfr. nasjonale prøvar.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-024/10 VEDTAK:

Den ekstra timen som vert innført på mellomsteget frå hausten 2010 skal gå til faget matematikk. Rektor avgjer kva klassesteg timen skal leggjast på..

Finansiering

Timen ligg inne i det tildelte rammetimetalet og fører såleis ikkje til nokon ekstra kostnad.

Heimel**Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	17.09.2007	Regjeringa	Bedtre skoletilbud til de yngste skolebarna
3	U	08.11.2007	Skulane i Masfjorden	Melding om vedtak -Utvida timetal for småskulen
5	I	14.04.2010	Utdanningsdirektoratet	Høyringsnotat om administrative eller praktiske konsekvenser av innføringen av en fleksibel time fra og med skoleåret 2010-2011

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Stortinget gjorde hausten 2009 vedtak om å utvida undervisningstimetalet for barnesteget med 1 time i veka frå hausten 2010. Den ekstra undervisningstimen skal etter Stortinget sitt vedtak "nyttast til opplæring i dei faga skuleeigar meiner er mest tilrådelege ut frå lokale behov". Skulane i Masfjorden har tidlegare innført full 4-dagars veke for småskulen. Frå 1. – 4. klasse går elevane på skulen 24 timar i veka. Auken på 1 time i veka må difor leggjast til mellomsteget. På mellomsteget skal elevane frå hausten 2010 minimum ha til saman 86 timar i veka. Det kan t.d. organiserast slik at 5. og 6. klasse kvar går 28 timar og 7. kl går 30 t. I fjor vart det innført 2 t fysisk aktivitet på mellomsteget, jfr. vedtak i k-sak 36/09.

VURDERING

Rektorane drøfta denne saka i møte 13.04.10. Ut frå dei nasjonale satsingsområda og resultatane på dei nasjonale prøvane for 8. klasse, ønskjer rektorane at elevane får ein ekstra time matematikk på mellomsteget frå hausten 2010. Rådmannens luttar seg til den vurderinga.

KONKLUSJON

Den ekstra timen som vert innført på mellomsteget frå hausten 2010, skal gå til matematikk. Rektor avgjer kva klassesteg timen skal leggjast på..

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	16.02.2010	007/10	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	29.04.2010	025/10	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-332	Arkivsaknr.: 09/178
--------------	---------------------

SAK 025/10 - ETABLERING AV AVLASTNINGSBUSTAD FOR BEMANNING DRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Det vert etablert eit avlastningstiltak i kommunal avlastningsbustad på Hosteland. Tiltaket vert starta opp når bustaden er ferdigstilt i fyrste del av februar 2010.
2. Stillingsramma vert auka med 1 årsverk til dette tiltaket.
3. Det vert oppretta eige budsjett for tenesta med nettoramme på 600.000,- for 2010, som tek høgde for pkt. 2 i framlegg til vedtaket

Finansiering

Tiltaket vert finansiert med inntekter frå ressurskrevjande brukarar, som ikkje er innarbeidd i 2010 budsjettet.

Heimel

Økonomireglementet

FS-007/10 VEDTAK:

1. Det vert etablert eit avlastningstiltak i kommunal avlastningsbustad på Hosteland. Tiltaket vert starta opp når bustaden er ferdigstilt.
2. Stillingsramma vert auka med 1 årsverk til dette tiltaket.
3. Det vert oppretta eige budsjett for tenesta med nettoramme på 600.000,- for 2010, som tek høgde for pkt. 2 i framlegg til vedtaket

Det skjedde i Formannskapet den 16.02.2010:

Rådmannen gjorde framlegg om at ein set punktum etter ferdigstilt i fyrste avsnitt.

Framlegg til vedtak med endringa frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

KS-025/10 VEDTAK:

1. Det vert etablert eit avlastningstiltak i kommunal avlastningsbustad på Hosteland. Tiltaket vert starta opp når bustaden er ferdigstilt.
2. Stillingsramma vert auka med 1 årsverk til dette tiltaket.

Det vert oppretta eige budsjett for tenesta med nettoramme på 600.000,- for 2010, som tek høgde for pkt. 2 i framlegg til vedtaket

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	31.03.2009	BKK Nett AS	Straumforsyning av omsorgs- og utleigebustader på Hosteland
2	I	04.05.2009	BKK NETT AS	Ordrebekreftelse på bestilt oppdrag hjå BKK NETT
4	U	28.01.2010	NSF Fagforbundet	Avtale om arbeidstid med organisasjonane

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Ein av bustadene i det nye bygget på Hosteland er tiltenkt avlastning for funksjonshemma barn. Denne er utforma spesielt med tanke på helge og ferieavlastning samt at bebuar etter kvart som han vert eldre skal ha bustaden som sin eigen heim.

FAKTA

Etablering av dette tiltaket avløyser ein mangeårig ordning med avlastning i private heimar. Avlastningsordninga har fungert godt og vore positiv for barnet og foreldra i ein periode der vi har vore heilt avhengig av private familiar sin motivasjon og evne til å ta denne guten inni eigen heim på ein god måte.

Krava til kvalitetssikring set større krav til bemanning og guten sin alder krev bustad som i større grad er tilrettelagt.

VURDERING

Organisering

Rådmannen har undervegs i prosessen vore tydeleg på at vi må nytte personalet vi allereie har i sjukeheimen også opp mot dette tiltaket. Ei avdeling og teneste knytta kun til dette tiltaket vil vere lite robust, det vil vere krevjande for dei få som vil ha jobb her og kostnadskrevjande å drive.

Utfordringa ligg i det å rekruttere til helgestillingar. Dette er vanskeleg i den drifta vi no har og vil verte forsterka i og med at avlastningstiltaket i stor grad vil vere på helg. Det vert no planlagt avlastning annankvar helg og ferie.

I drøftingar med dei tillitsvalde og leiarane er det planlagt å knyte bemanning organisatorisk til pleieavdelinga. For å sikre bemanning er det foreslått å starte ei prøveordning med å ha tilsette som har lengre vakter (opp til 14,5 t) der dei har halve vakta på avlastningsbustad og halve vakta på pleieavdelinga. Dette må vidare konkretiserast i drøftingar med organisasjonane og det må etablerast eigen avtale for dette. I tilfelle vil dette medføre sjeldnare arbeid på helg.

I avlastningsperiodane vil sjukeheimen verte styrkt med ein person på natt.

Etablering av tiltaket vil medføre ei auke i bemanning på ca 1 stillingar. Budsjetteknisk må tiltaket førast i eige budsjett. Auka bemanning med tillegg, sosiale kostnader osv vil vere ca 600.000,- for 2010. Tiltaket er planlagt oppstarta i overgangen januar/februar 2010.

KONKLUSJON

1. Det vert etablert eit avlastningstiltak i kommunal avlastningsbustad på Hosteland. Tiltaket vert starta opp når bustaden er ferdigstilt i fyrste del av februar 2010.
2. Stillingsramma vert auka med 1 årsverk til dette tiltaket.
3. Det vert oppretta eige budsjett for tenesta med nettoramme på 600.000,- for 2010, som tek høgde for pkt. 2 i framlegg til vedtaket

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	026/10	Jane Britt Daae
Formannskapet	29.04.2010	029/10	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	29.04.2010	009/10	Jane Britt Daae

Arkiv: N-044	Arkivsaknr.: 06/1114
--------------	----------------------

SAK 026/10 - HMT-SYSTEM I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet vedtek etter fullmakt gjeve av kommunestyret nytt HMT system for tilsette i Masfjorden kommune.

Administrasjonsutvalet og kommunestyret får saka til orientering.

Finansiering

Heimel

Arbeidsmiljølova § 3-1

AMU-010/10 VEDTAK:

AMU tilrår godkjenning av ny struktur for HMT-handboka og følgjande rutinar:

- Struktur og utforming av ny HMT-handbok
- Rutine/årshjul for systematisk HMT-arbeid
- Rutine for vernerunde om våren (fysisk arbeidsmiljø)
- Rutine for vernerunde om hausten (psykososialt arbeidsmiljø)
- Rutine for melding om uønska hending
- Plikter knytt til arbeidsmiljøet
- Opplæring og kompetanse

Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 07.04.2010:

Struktur og rutinar i HMT-handbok vart presentert.

Arbeidet skal handsamast av formannskapet, og ein ønskjer det også presentert i kommunestyret.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

FS-029/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Formannskapet vedtek etter fullmakt gjeve av kommunestyret nytt HMT system for tilsette i Masfjorden kommune.

Administrasjonsutvalet og kommunestyret får saka til orientering.

Finansiering**Heimel**

Arbeidsmiljølova § 3-1

Det skjedde i Formannskapet den 29.04.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS-026/10 VEDTAK:

Kommunestyret tek saka om nytt HMT system for Masfjorden kommune til orientering.

Finansiering**Heimel**

Arbeidsmiljølova § 3-1

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Ordførar Håkon Matre orienterte om at saka vart grundig gjennomgått i administrasjonsutvalet tidlegare i dag.

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om at HMT handboka er bygd opp som eit digitalt system som skal vera lett tilgjengeleg for dei tilsette og at den skal vera lett å vedlikehalda. Han synte kvar HMT handboka ligg på heimesida slik at det kan vera lett for alle å gjera seg kjent med innhaldet.

Kommunestyret tek samrøystes formannskapet sitt vedtak til orientering.

ADM-009/10 VEDTAK:**Administrasjonsutvalet tek saka til orientering.****Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 29.04.2010:**

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om at HMT handboka er bygd opp som eit digitalt system som skal vera lett tilgjengeleg for dei tilsette og at den skal vera lett å vedlikehalda. Han synte kvar HMT handboka ligg på heimesida slik at det kan vera lett for alle å gjera seg kjent med innhaldet.

Ordfører Håkon Matre legg fram at det er viktig at prosedyrar er på plass. Arbeidet med nytt HMT-system for kommunen er bra.

Frp ved Willy Borge legg fram at HMT-systemet har ein kjent oppbygging og er positiv til nytt system

Sp ved Vigdis Søvik legg fram at det som kan vere problemet er å få dei tilsette til å ta systemet i bruk og å melde i frå. Det er viktig med å signalisere at meldingar er ønskeleg.

Fagforbundet ved Maud Sleire Holmaas legg fram at det er eit godt system og at det er viktig at leiarane bringer informasjonen og rutiane ut i arbeidsplassane.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

Sakstilfang:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Hausten 2008 beslutta rådmannen å starte opp arbeid med revisjon av det kommunale HMT-systemet. Det vart etablert ei eiga arbeidsgruppe med leiarar, hovudverneombod representantar frå rådmannen. Undervegs i prosessen er arbeidet drøfta i , AMU, adm.utvalet og med HTV og verneomboda.

Kommunen har tradisjon for å gjennomføre pliktig opplæring innanfor feltet annakvart år. Nytt HMT system vart nytta ved opplæringa av leiarar, verneombod og tillitsvalde i vinter. Både innhald i systemet og val av rutinar, avvikssystem osv er drøfta som del av opplæringa.

Fakta

For arbeidsgruppa har nokre punkt og prinsipp vore viktige i revisjonsarbeidet:

- Lage eit digitalt system som er lett tilgjengeleg for tilsette.
- Lage eit system som forpliktar ulike oppgåver og aktivitetar i eit årshjul med fokus på fysisk arbeidsmiljø om våren og psykosialt om hausten.
- Lage eit system som er linka til system som vert automatisk oppdatert. (eks lovdata)
- Lage eit system som er bygd opp på ein mest muleg pedagogisk måte. Ved fargeval og tema.
- Lage eit system som byggjer på risikovurderingar sentralt og lokalt.
- Lage eit system med lav terskel for å melde inn feil, manglar, uheldige hendingar osv.
- Lage eit system som hjelper leiarar og tilsette, verneteneste og tillitsvalde å lære av feil.
- Lage eit integrert system som på ein god måte synleggjer fellesreglar for alle tilsette og avdelingsvise rutiner, reglar og retningslinjer.

Arbeidsgruppa har no arbeida fram eit rammeverk for nytt system og rådmannen ynskjer å starte opp arbeidet. Fyrste milepel vil vere gjennomføring av fysiske vernerundar og rapportering til AMU i juni i år.

HMT handboka vil verte gradvis komplettert. Nokre tema er framleis mangelfulle bla "blå" del med risikovurderingar og prosedyreutarbeiding på dei einskilte arbeidsplassane.

Proessen kan fortsetje no med å gjere den formelle godkjenninga handboka sin struktur og utforming, og i tillegg dei rutinane som er ferdige. Rådmannen ønskjer å iverksetje årshjulet umiddelbart, slik at AMU får den første rapporten om vernerunde til handsaming juni 2010.

Etter den generelle delen er ferdig (det som er gjeldande for alle avdelingane), må kvar avdeling ha ein gjennomgang på sitt lokale HMT-system

KONKLUSJON

Formannskapet vedtek ny struktur for oppbygging av HMT området for tilsette i Masfjorden kommune. Rådmannen sitt ansvar for oppfølging av tilsette vert organisert slik det går fram av nytt system.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	027/10	Lovisa Midtbø

Arkiv: N-7	Arkivsaknr.: 10/124
------------	---------------------

SAK 027/10 - SAMFERDSELSUTFORDRINGAR I MASFJORDEN KOMMUNE- FORPROSJEKT BRU OVER MASFJORDEN.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Håkon Matre, varaordførar Kari Skår Sørheim og kommunestyremedlem Liv Oda Dale.
2. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet. Gruppeleiar frå Venstre vert kalla inn til denne saka, slik at alle dei politiske partia kan følgja arbeidet tett.
3. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
4. Rådmannen /ass.rådmann er sekretær for gruppa.
5. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
6. Kommunestyret bed om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

Finansiering

Heimel

§1, Reglement for kommunestyret i Masfjorden

KS-027/10 VEDTAK:

1. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Håkon Matre, varaordførar Kari Skår Sørheim og kommunestyremedlem Liv Oda Dale.
2. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet. Gruppeleiar frå Venstre vert kalla inn til denne saka, slik at alle dei politiske partia kan følgja arbeidet tett.
3. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
4. Rådmannen /ass. rådmann er sekretær for gruppa.
5. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
6. Kommunestyret bed om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret gjorde 25.02.2010 slikt vedtak:

KS-011/10 VEDTAK :

- 1. Kommunestyret ønskjer at arbeidet med fastlandssamband over Masfjorden vert intensivert.**
- 2. Kommunestyret ber om at det til neste møte vert lagt fram forslag til organisering og framdriftsplan for arbeidet.**
- 3. Kommunestyret ber rådmannen vurdere oppretting av vegfond og andre finansieringsformer for å utarbeida forprosjekt for fastlandssambandet.**

HØYRING/UTTALE

FAKTA

Etter at saka om bru over Masfjorden vart teke opp i møte mellom fylkesordførar og formannskap 2.februar og kommunestyret gjorde sitt vedtak 25.02. har ordførar arbeidd vidare med saka mot aktuelle eksterne samarbeidspartar, særleg fylkeskommunen. I løpet av mai månad kan det vera aktuelt med ei første synfaring med administrasjonen i fylkeskommunen. I tråd med vedtaket til kommunestyret, må ein snarast få på plass ein prosjektorganisasjon som gjev politisk forankring og framdrift.

Dei seismiske undersøkingane er no sett til juni månad, etter at oppdrettsanlegget er tømt for fisk.

Rådmannen har hatt møte med ordførar og varaordførar og drøfta det vidare arbeidet med fjordkryssinga. Denne saka er skriven i tråd med dei politiske føringane frå dette møtet.

Ein legg til grunn at det er viktig å få utarbeidd ein dokumentasjon/eit forprosjekt som gjer det mogleg å få saka opp til handsaming i fylkeskommunen snarast. Dette forprosjektet må ta for seg aktuelle tekniske løysingar, finansieringsbehov. Internt er det viktig å ta med fjordkryssinga i kommuneplanarbeidet, og dette vert lagt inn både i samfunnsdelen og i arealdelen som kjem til handsaming til hausten.

VURDERING

Følgjande tilhøve er viktige for prosjektorganiseringa:

- God politisk forankring av prosjektet internt, alle parti må til ei kvar tid vera så godt informert at ein kan driva aktiv informasjon om prosjektet overfor sine fylkestingspolitikarar.
- Ei effektiv arbeidsgruppe, med politisk, strategisk og økonomisk kompetanse.
- Økonomiske rammer som gjer det mogleg å kjøpa dei faglege vurderingane som er naudsynte for å få fram realistiske løysingar for fjordkryssing.

Etter drøftingar med ordførar og varaordførar vil rådmannen rå til at desse to, saman med kommunestyremedlem og fylkestingsrepresentant Liv Oda Dale vert politisk arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet. Venstre har ikkje fast medlem i formannskapet. For å sikra alle parti like god informasjon om prosjektet, vil rådmannen tilrå at Venstre sin representant blir kalla inn til formannskapsmøta under denne saka. Kommunestyret må få orientering om framdrifta i arbeidet under skriv og meldingar i kvart møte.

Det er viktig å få denne saka på den politiske dagsorden i fylkeskommunen snarast, helst i løpet av hausten 2010. Rapporten frå dei seismiske undersøkingane er første steg, og må liggja føre som grunnlag for utarbeiding av alternative løysingar for fjordkryssing. Det er ikkje innhenta tilbod på vidare konsulenttenester i prosjektet, men det er klart at dette er naudsynt med kjøp av kompetanse. Dette vil kreva løyvingar.

Sidan utgiftene ikkje er kjende, har rådmannen på dette tidspunktet ikkje grunnlag for å gje tilråding som svarar på punkt 3 i vedtaket ” ***Kommunestyret ber rådmannen vurdere oppretting av vegfond og andre finansieringsformer for å utarbeida forprosjekt for fastlandssambandet.*** ”

Når arbeidsgruppa kjem formelt i gang, er det naturleg at arbeidsgruppa saman med rådmannen kan innhenta informasjon og tilbod på konsulentarbeid i prosjektet og på bakgrunn av dette leggja fram tilråding for kommunestyret vedrørande framdriftsplan og finansiering til kommunestyremøtet i juni.

KONKLUSJON

Rådmannen har følgjande tilråding til vedtak:

1. Til politisk arbeidsgruppe vert vald ordførar Håkon Matre, varaordførar Kari Skår Sørheim og kommunestyremedlem Liv Oda Dale.
2. Arbeidsgruppa rapporterer til formannskapet. Gruppeleiar frå Venstre vert kalla inn til denne saka, slik at alle dei politiske partia kan følgja arbeidet tett.
3. Kommunestyret vert orientert under skriv og meldingar i kvart møte.
4. Rådmannen /ass.rådmann er sekretær for gruppa.
5. Gruppa knyter til seg ekstern fagkompetanse ved behov.
6. Kommunestyret bed om å få framdriftsplan og finansiering for forprosjektet til handsaming i kommunestyremøtet i juni.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Arbeidsmiljøutvalet	07.04.2010	011/10	Jane Britt Daae
Administrasjonsutvalet	29.04.2010	010/10	Jane Britt Daae
Kommunestyret	29.04.2010	028/10	Jane Britt Daae

Arkiv: N-042	Arkivsaknr.: 06/1062
--------------	----------------------

SAK 028/10 - STILLINGSOMTALAR FOR TILSETTE I MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Systemet for stillingsomtalar vert teke til orientering.

Finansiering

Heimel

Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune pkt. 3.

AMU-011/10 VEDTAK:

Forslag til stillingsomtalar for tilsette i Masfjorden vert drøfta.

Det skjedde i Arbeidsmiljøutvalet den 07.04.2010:

Personalrådgjevar presenterte arbeidet i arbeidsgruppa. Rådmannen vil få det overlevert i veke 15.

Hovudverneombodet la fram at han synes malen med ein generell del og ein spesiell del er god.

Rådmannen la fram at ho synes det er bra at malen viser kva er formålet med den enkelte stilling og kva rammer gjeld.

Kommunalsjefen la fram at me måtte ikkje lage eit system som demotiverar tilsette med å avgrense oppgåver.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

KS-028/10 VEDTAK:

Systemet for stillingsomtalar vert teke til orientering.

Heimel

Lønspolitisk plan for Masfjorden kommune pkt. 3.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl orienterte om saka og at bakgrunnen for at saka har kome opp var vedtak i kommunestyret den 23.09.2008 då lønspolitisk handlingsplan var handsama. Det var då teke med i vedtaket at alle tilsette skulle ha stillingsomtale innan 1. mai 2010.

Systemet for stillingsomtalar vart samrøystes teke til orientering.

ADM-010/10 VEDTAK:

Systemet for stillingsomtalar vert teke til orientering.

Det skjedde i Administrasjonsutvalet den 29.04.2010:

Personalrådgjevar presenterte og delte ut materiale som syner arbeidsprosessen bak malane for stillingsomtalar. Det ligg føre kring 74 malar.

Krf ved Kari Skår Sørheim la fram at stillingsomtalaner er viktig for å vise verdsetting av alle tilsette, og det er bra at det er gjennomført for heile organisasjonen. Sørheim etterspør korleis systemet vert oppdatert. Personalrådgjevar formidlar at det sannsynlegvis vert slik at endringar utover individuell tilpassing som malane legg opp til, må større endringar koordinerast av administrasjonen.

Utdanningsforbundet ved Ørjan Valestrand stiller spørsmål til kommunalsjefen sine negative signal til saka då den vart handsama i AMU. Ordførar Håkon Matre la fram kva som var diskutert i AMU. Fagforbundet la fram at det var lagt opp til at stillingsomtalaner skal virke avgrensande.

Vedtaket vart gjort samrøystes.

Sakstilfang:

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Lønspolitisk plan vart vedteke av kommunestyret 23. september 2008. Her står det at alle tilsette skal ha stillingsomtale innan 1. mai 2010.

Det vart oppretta ei arbeidsgruppe:
Hovudtillitsvalte Fagforbundet Maud Sleire Holmaas
Hovudtillitsvalte Sjukepleiarforbundet Hildegunn Bjånes
Rådgjevar for oppvekst og kultur Alf Strand
Personalrådgjevar Jane Britt Daae, som har koordinert arbeidet

Gruppa starta opp med avklaringar i høve til stillingsomtalane, formål og utforming. Stillingsomtalane skal vere knytt til dei ulike stillingane og omtale forventningar, mål, krav og oppgåver. Stillingsomtalane viser hovudtrekka for dei ulike stillingane, nok til å gje oversikt, konkret til å gje meining, men utan å verte for omfattande i ord og detaljar. For nokre få tilsette vil stillingsomtalen mogleges verte individuelt tilpassa dersom den tilsette har særskilte funksjonar å ivareta (utover det som er vanleg for den type stilling).

Arbeidsgruppa vart samde om ein felles mal, og med relativt god tid til 1. mai 2010 ønska ein å prøve ut malen først i ei avdeling. Dette vart gjort i barnehagane og arbeidsgruppa fekk hauste erfaringar. Framdriftsplan for dei andre avdelingane vart laga.

Stillingsomtalar var tema på leiarmøte (avdelingsleiarane i kommunen) i juni 2009 og dei var gjort kjent med malen. Sidan er dette følgt opp i to leiarmøte for å sikre støtte og framdrift.

Etter avdelingane har laga forslag til stillingsomtalar for stillingar i si avdeling, har arbeidsgruppa koordinert ferdigstilling og kvalitetssikring av malane. Ein samkjørte også gjennomgåande stillingar som reinhaldarar og merkantilt personale. Arbeidsgruppa har lagt vekt på:

- Ein tydeleg felles del for alle tilsette. Her vert generelle forventningar til alle tilsette presentert vedrørende:
 - Mål for alle tilsette i kommune
 - Reglement
 - Etikk
 - Arbeidsmiljø
 - Føremål med stillinga.

”Den einskilde tilsette skal gjera sitt beste for å yta teneste av god kvalitet for brukarane og innbyggjarane.

Masfjorden kommune er ein stor arbeidsplass med mange ulike yrkesgrupper og tilsette, som alle er like viktige for at den daglege verksemda skal fungera. Kvar og ein er i sitt daglege arbeid og sin daglege veremåte med på å leggja grunnlaget for korleis kommunen blir opplevd av brukarar og innbyggjarar.

*Kommunen som arbeidsgjevar ventar at du set deg inn i kva mål og reglar som gjeld og at du i ditt arbeid til ei kvar tid rettar deg etter **vedtekne reglar og retningslinjer og dei oppdrag og pålegg** du får frå næraste overordna.*

*Kommunen sine **etiske retningslinjer** set ein standard for korleis me oppfører oss i høve til m.a kollegaer, føresette og underordna og korleis me er med på å forma det biletet innbyggjarar*

og brukarar får av kommunen. Det er viktig at du har dei etiske retningslinjene i tankane i ditt daglege arbeid.

Den einskilde tilsette skal **aktivt medverke til godt samarbeid og godt arbeidsmiljø i kommunen**. Alle tilsette har rett og plikt til å handla etter kommunen sine rutinar for **helse, miljø og tryggleik**.

Denne stillingsomtalen har som føremål å vise **hovudoppgåver knytt til ei stilling**. Den kan ikkje tolkast avgrensande i høve til arbeidsgjevar sin styringsrett.”

Vidare heldt stillingsomtalen fram med:

- Mål for aktuell stilling – for å vise kva har akkurat den stillinga som formål
- Kven er næraste leiar
- Kompetansekrav til stillinga
- Hovudoppgåver til stillinga – for å vise hovudoppdrag knytt den aktuelle stillinga.
Lista er ikkje uttømmende då det vil gje detaljrikdom og rigiditet som ikkje er teneleg.
Arbeidsgjevar sin styringsrett vert ikkje avskore jf. ordlyd i innleiande felles del.

Utforming av stillingsomtalar er eit administrativ forhold som rådmannen avgjer. Arbeidsgruppa leverar sitt forslag til rådmannen som etter drøftingar med HTV og AMU slutførar prosessen. Kommunestyret vert orientert om slutført arbeid.

KONKLUSJON

Systemet for stillingsomtalar vert teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Formannskapet	29.04.2010	028/10	Ørnulf Lillestøl
Kommunestyret	29.04.2010	029/10	Ørnulf Lillestøl

Arkiv: N-010.1, N-536	Arkivsaknr.: 10/59
-----------------------	--------------------

SAK 029/10 - FORPROSJEKT - PROSJEKTERING AV FLEIRBRUKSHALL PÅ HOSTELAND

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida eit forprosjekt for bygging av fleirbrukshall på Hosteland.

Forprosjektet skal innehalde;

1. Tiltråding til funksjonar
2. Tiltråding romprogram med skisse utforming og storleik
3. Kostnadskalkylar og kommunalt finansieringsbehov

Framlegg til konkret plassering ved Nordbygda skule vert å innarbeide i arbeidet med kommuneplan.

Forprosjektet skal utarbeidast innanfor ei kostnadsramme på totalt 300.000,- og leverast kommunestyret i desember 2010.

Finansiering

Heimel

FS-028/10 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida eit forprosjekt for bygging av fleirbrukshall på Hosteland.

Forprosjektet skal innehalde;

1. Tiltråding til funksjonar
2. Tiltråding romprogram med skisse utforming og storleik
3. Kostnadskalkylar og kommunalt finansieringsbehov

Framlegg til konkret plassering ved Nordbygda skule vert å innarbeide i arbeidet med kommuneplan.

Forprosjektet skal utarbeidast innanfor ei kostnadsramme på totalt 300.000,- og leverast kommunestyret i desember 2010.

Det skjedde i Formannskapet den 29.04.2010:

Kommunalsjef Ørnulf Lillestøl og fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen orienterte om saka.

Det vart presisert at når det gjeld tilleggstenester i eit slikt bygg så er det offentlege tenester som kan vera utsett for sentralisering det er tenkt på.

Formannskapet drøfta saka.

Det vart presisert at Gulen kommune måtte vera med i prosessen vidare.

Vigdis Søvik orienterte om at Hostelandsgruppa hadde hatt møte og gått gjennom denne saka.

Kari Skår Sørheim ba om at det måtte leggjast fram møtereferat frå Hostelandsgruppa.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS-029/10 VEDTAK:

Kommunestyret ber rådmannen utarbeida eit forprosjekt for bygging av fleirbrukshall på Hosteland.

Forprosjektet skal innehalde;

- 1. Tiltråding til funksjonar**
- 2. Tiltråding romprogram med skisse utforming og storleik**
- 3. Kostnads kalkylar og kommunalt finansieringsbehov**

Framlegg til konkret plassering ved Nordbygda skule vert å innarbeide i arbeidet med kommuneplan.

Forprosjektet skal utarbeidast innanfor ei kostnadsramme på totalt 300.000,- og leverast kommunestyret i desember 2010.

Finansiering**Heimel****Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:**

Ordførar Håkon Matre orienterte og sa at bakgrunnen for at saka er på dagsorden er bestilling frå kommunestyret i budsjett møtet 08.12.2009.

Saka vart grundig drøfta.

Moment/synspunkt som kom fram i drøftinga:

- Masfjorden treng ein fleirbrukshall
- Plassering på Hosteland i tilknytning til skulen
- Tilleggstenester som kan lokaliserast i ein fleirbrukshall:
Offentlege etatar/tenester, eks. Nav, lensmannskontor og andre
- Det trengs nytt areal både til fleirbrukshall og næringsbygg

- Viktig at lag og organisasjonar får delta i prosessen
- Idrettsråda i Masfjorden og Gulen må få koma med tilråding til forprosjektet
- Samarbeid med private og næringslivet
- Gulen kommune må involverast i prosessen.

Frode Langhelle, H, sa at Høgre støttar framlegg til vedtak. Det er viktig med ei berekraftig utvikling og ein treng brukarar av eit slikt senter. Han peika på at ein må sjå ting i samanheng, garderobetilhøve på skulen, samhandlingsreforma, kva kan knytast opp til eit slikt bygg.

Han refererte frå ei momentliste frå Høgre og ber om denne lista føl saka vidare.

Liv Oda Dale, Ap, som er leiar i Hostelandsgruppa refererte frå møte der dei hadde hatt gjennomgang på denne saka. Ho sa at Hostelandsgruppa har likestilt areal til fleirbrukshall og næringsbygg. Gruppa går og samla inn for rådmannen sitt framlegg til vedtak.

Kari Skår Sørheim, KrF, sa at det er bra at ein no har kome så langt i prosessen. Det er to typar areal som må kartleggjast. I følgje vedtak frå kommunestyret sak 102/09 som ligg til grunn for at saka er kome opp, er det arealet i bygget det er tenkt. Det er dette forprosjektet skal belysa. Plasseringa vil ein koma til i kommuneplanen.

Konklusjon:

Konklusjonen etter drøftinga er at alle partia er samde om at Masfjorden treng ein fleirbrukshall og at det må arbeidast for eit næringsbygg på Hosteland. Gulen kommune må involverast i prosessen.

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Sakstilfang:

Nr	T	Brevdato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	U	19.02.2010	Norconsult	Val av plassering av fleirbrukshall

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN

Kommunestyret har i K-sak.102/09 formulert at;

- 1. Budsjett for 2010 vert godkjent slik det ligg føre med desse endringane:
Til forprosjekt areal for kontor/service/barnehage i kombinasjon med evt fleirbrukshall Hosteland vert det avsett kr. 300 000, som vert innarbeidd i investeringsbudsjettet for kommunale bygg i samband med salderinga.*

FAKTA

Administrasjonen oppfattar vedtak i K-sak 102/09 som noko uklart. Denne saka tek sikte på å konkretisere oppdraget med å utarbeide eit forprosjekt. Administrasjonen legg til grunn at det er fleirbrukshall som primært skal utgreiast med tillegg av ulike tenester og funksjonar.

Sidan november har administrasjonen skaffa seg oversikt over alternativ for storleik og arealbehov for fleirbrukshallar. Prosjektleiar og ordførar har vore på to synfaringar og sett 4 hallar i Fitjar, Tysnes, Austrheim og Fedje.

I desse hallane er det også tilrettelagt for tenester av ulik art med hallen på Fitjar som den største med areal til undervisning, kultur (eige "amfi"), helsetenester osv. Hallane tek utgangspunkt i handballbanestorleik. Dvs bane på 40x80 meter. Hallen på Fedje er noko mindre. Administrasjonen legg til grunn ein hall som rommar handballbane i det vidare arbeidet med forprosjektet. Ein slik hall vil totalt krevje 2000 til 2500 kvm.

VURDERING

Rådmannen oppfattar mandatet til utarbeiding av forprosjekt gjeve av kommunestyret, som lite konkret og ynskjer her å konkretisere dette.

Forprosjektet kan knytast til nokre hovudpunkt som innbyrdes er avhengig av kvarandre;

- 1. Plassering**
Naturleg plassering vil vere i nærleiken av skule og sentralidrettsanlegg på Hosteland. Det er her ulike plasseringsalternativ. Plassering av anlegg må koordinerast med arbeidet med kommuneplan. Slik framdrift i kommuneplanarbeidet no er planlagt vil framlegg til plassering frå administrasjonen si side verte presentert tidleg på haustparten (september/oktober) I dette arbeidet kan det vere aktuelt å nytte ekstern kompetanse.

2. Funksjonar

Dei mest nærliggjande tilleggsfunksjonar er innanfor trening og helse. Mange hallar har ulike kombinasjonar av treningsareal også i kombinasjon med offentlege og eller private aktørar. For vår del er det viktig å leggje til rette for synergjar utleda av å samla fagmiljø. Tilgrensande tenester som helse, NAV, lensmannsetat.

I samtalar med Gulen kommune kan det også vere aktuelt å avklare samarbeid om tenester og hall (herunder avklare støtte næringslivet jf. tidlegare sak/prosjekt). Forprosjektet vil greie ut og skissere ulike alternative modellar for innhald i fleirbrukshallen og anlegget som heile. Plassering og økonomisk ramme vil vere viktige forutsetnader for val av naturlege funksjonar.

3. Romprogram

Plassering og val av funksjonar vil leggje premissane for skisse for romprogram og skisse av anlegget. Funksjonane må plasserast slik at ein oppnår synergjar og optimal bruk av fellesareal. Funksjonane må også plasserast slik at det vert tatt omsyn til dei areala som det kan vere ynskjeleg å seinare utvide.

4. Kostnads kalkylar

Romprogram og utforming vil indikere total kostnad og kommunalt finansieringsbehov. Forprosjektet må presentere kostnader og anlegg slik at tenester tillagt anlegget kan trekkjast ut og leggjast til etter kommunen si økonomiske bereevne og politisk prioritering.

Framdrift og prosess

Rådmannen organiserer arbeidet slik;

Prosjektleder Ørnulf Lillestøl

med Alf Strand og Svein Helge Hofslundsengen som styringsgruppe.

I spørsmål om plassering kan det verte aktuelt å nytte ekstern kompetanse. I del som omhandlar val av funksjonar vil dette arbeidet verte koordinert av prosjektleder medan siste del som gjeld utforming og kostnader vil vere avhengig av ekstern bistand.

Totalkostnadsramme for forprosjektet vert sett til 300.000,- Dette skal også inkludere utgifter til ekstern bistand. Det inkluderer ikkje kostnad ved bruk av eigen prosjektleder/andre tilsette.

Rådmannen tek sikte på å presentere forprosjektet for kommunestyret i desember. Det kan vere aktuelt å ta opp spørsmål i formannskap/planutval eller kommunestyret undervegs i prosessen. Ein presiserar at tidsaspektet før realisering av fleirbrukshall vil ta tid, dvs. år og at ein tidlegast forventar oppstart 2014.

KONKLUSJON

Kommunestyret konkretiserer mandat for utarbeiding av forprosjekt fleirbrukshall slik dette framkjem av saka og framlegg til vedtak.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	030/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/297
-----------	---------------------

030/10 DELEGERTE VEDTAK

DRÅD. 001/10: Melding om delegert vedtak - Overføring av unytta budsjettmidlar for 2009

Kr. 141.198,50 knytt til kvalifiseringsprogrammet vert overført til bundne driftsfond. Det er ikkje midlar att unytta midlar til det føremålet det er søkt om overføring til.

Finansiering

Heimel

DRÅD. 002/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av midlar frå 2009 til 2010

Kr. 270.000 vert overført frå teneste 24400, konto 15400 til disposisjonsfond drift for disposisjon 2010 eller seinare budsjettår. Meiravsetjinga i høve søknad er tenkt til hjelpetiltak til born med spesielle behov (som fleire hadde innspel på i høve rammesaka 2010, og fleire tenester har søkt om støtte til (m.a. NAV/sosial).

Finansiering

Heimel

Kommunestyresak 105/09 pkt. 1

DRÅD. 003/10: Melding om delegert vedtak - Matre skule

Kr. 250.000 vert sett av (konto 15400, under teneste 20203) frå 2009 rekneskapen til disp.fond drift, kor 156.000 av desse fondsmidlane må nyttast til ekstra tiltak i 2010.

Finansiering

Eigne frigjorde midlar i 2009 budsjettet

Heimel

Kommunestyresak 105/09 pkt. 1

DRÅD. 004/10: Melding om delegert vedtak - Felles skule

Teneste 20204 skule felles får overført kr. 200.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400 – og kor desse midlane skal nyttast til investeringsprosjekt bærbar PCar til lærarane og endra finansiering av denne investeringa.

Teneste 21301 opplæring innvandrar får overført unytta midlar med 175.000,- avsett til fond. Denne tenesta varierer ein del frå år til år med omsyn til budsjettbalanse.

Finansiering

Unytta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 005/10: Melding om delegert vedtak - Heimetenesta sør

Heimetenester sør, teneste 25408 får overført kr. 50.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400 under tenesta til helsesyster.

Finansiering

Unytta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 009/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av unytta midlar frå 2009 til 2010 - psykiatri

Psykiatrisk helsevern, teneste 24106 får overført kr. 145.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400 under tenesta – unytta midlar tiltak psykiatriplan.

Finansiering

Unytta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 010/10: Melding om delegert vedtak - søknad om overføring av unytta midlar innan Masfjorden fysioterapi

Fysioterapeut, teneste 24104 får overført kr. 49.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400.

Finansiering

Unytta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 011/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av unyttede midlar frå 2009 til 2010 - helsesøstertjeneste

Helsesystem, teneste 23200 får overført kr. 21.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400 under teneste til helsesystem.

Finansiering

Unyttede midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel, Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 012/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av unyttede midlar frå 2009 til 2010 Sandnes skule

Sandnes skule er eit område som har unyttede midlar i 2009 rekneskapen, men det ansvarsoverråde som har klart størst fondsbeholdning med over 700.000 til disposisjon. Siste års avsetjingar er ikkje nytta i 2010. Årets søknad om overføring av unyttede midlar vert ikkje imøtekommen.

Finansiering

Unyttede midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 013/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av midlar frå 2009 til 2010 Nordbygda skule

Nordbygda skule, får avslag på søknad om overføring av unyttede midlar for 2009. ansvarsoverråde går samla med eit overforbruk.

Finansiering

Unyttede midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 014/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av overskot i 2009 til fond - Heimeteneste i Indrefjorden

Heimetenester indrefjorden, teneste 25409 og teneste 26503 omsorgsbustadar indrefjorden får overført hhv. kr. 75.000 og 100.000 til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400.

Finansiering

Unyttede midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 015/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av midlar - 25300, 25400 og 26501 frå 2009 til 2010 budsjettet

Pleieavdelinga, teneste 25300 får avsett 170.000 til bundne driftsfond – prosjekt lindrande behandling, eksterne tilskotsmidlar utbetalt 2009 med 170.000– som går over åra 2009/10, og heile tilskotssummen vert stilt til disposisjon siste prosjektår.

Finansiering

Unyttta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 016/10: Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av overskot frå 2009 budsjettet til fond i 2010

Nystova, natt og felles, teneste 25302, 25303 og 25305 får overført kr. 300.000,- til disposisjonsfond drift (2.5600.100), frå konto 15400 under teneste 25302.

Finansiering

Unyttta midlar i 2009 budsjettet vs. 2009 rekneskapen

Heimel,

Kommunestyresak 105/09

DRÅD. 017/10: Melding om delegert vedtak - søknad om overføring av unyttta midlar frå 2009 til 2010 for rådmannskontoret

Rammeområde administrasjon, v/teneste 12001 rådmannskontoret har unyttta midlar, og får avsett 150.000 av desse til kompetansejevande tiltak.

Finansiering

Unyttta midlar i 2009 rekneskapen vs. 2009 budsjettet

Heimel

Kommunestyresak 105/09

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-030/10 VEDTAK:

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Delegerte saker vert samrøystes teke til orientering.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	031/10	Gerd Allis Håheim

Arkiv: N-	Arkivsaknr.: 10/298
-----------	---------------------

SAK 031/10 - SKRIV OG MELDINGAR

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	10/854	I	22.02.2010	Fylkesmannen i Hordaland	Merknader til budsjett 2010 og økonomiplan for 2010 - 2012
2	10/1098	I	02.03.2010	Alf Birkeland	Klage på brøyting Birkeland
3	10/1181	I	10.03.2010	Frank Kvinge	Gjeld skrivefeil i kommunestyresak 89/09
4	10/1453	I	24.03.2010	Svein Kvamsdal	Møteprotokoll frå 18 mars i fellesrådet
5	10/1502	U	21.04.2010	NAV Masfjorden v/Dina Dyrhovden	Melding om delegert vedtak - Overføring av unytta budsjettmidlar for 2009
6	10/1513	U	29.03.2010	Masfjorden barnevernteneste v/Leila T. Andvik	Melding om delegert vedtak - Søknad om overføring av midlar frå 2009 til 2010
7	10/1747	I	09.04.2010	Eldreaksjonen v/Kari Bruun Wyller	Vil din kommune sikre at hjelpetrengende eldre får dekket grunnleggende behov?
8	10/1748	I	09.04.2010	Eldreaksjonen	Forslag til kvalitetsforskrift - aksjon bedre eldreomsorg 2009
9	10/1964	I	19.04.2010	Kontrollutvalet i Masfjorden	Møteutskrift - kontrollutvalet 19. april 2010

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

KS-031/10 VEDTAK:

Meldingane vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Ordførar gjekk gjennom skriv og meldingar.

Til skriv 2)

Ordførar orienterte om at skriv 2) var svara på frå Teknisk, miljø og landbruk.

Ordførar refererte brevet.

Spørsmål:

Willy Borge refererte frå miljøutvalet ved Nordbygda skule om at dei er bekymra for garderobeanlegget som treng skiftast ut.

Borge spurde og om Masfjorden hadde bestilt Klima og energiplan. Det vil vera stor gevinst på innsparing av straum på offentlege bygg.

Klimaplanen må vera ferdigstilt innan 1. juli 2010 dersom ein skal få tilskot frå Enova til å utarbeide han.

Liv Oda Dale sa at Ap etterspurde klima- og energiplan på kommunestyremøte den 08.12.2009 og at det er flott at Willy Borge etterspør dette.

Fungerande rådmann Svein Helge Hofslundsengen sa at Masfjorden kommune har sett i gong arbeidet med klimaplan og ein vil vera godt innanfor fristen.

Innspel:

Leila T. Andvik gjorde forslag om at det vert utarbeida eiga sak på elektroniske sakspapir.

Fleire og fleire kommunar byrjar å innføre ”elektroniske sakspapir”. Hovudargumentet for å gjere det er hensynet til miljøet. Positive ”biverknader” av ei slik innføring er innsparing i portoutgifter og ikkje minst tidsbesparande for dei som har ansvar for utsending.

Den siste tida har eg vore med i fleire uformelle diskusjonar både med andre politikarar og ansatte i administrasjonen, som tenkjer at Masfjorden kommune bør starte ein overgang til elektroniske sakspapir.

Forslag:

Eiga sak vedrørande elektroniske sakspapir vert førebudd til kommunestyret i september 2010.

Oppfordring til kommunestyrerepresentantane:

Oppfordrar dei av politikarane som har muligheit til og ønskjer det, om å vere med på ein prøveperioden fram til september, der ein les sakspapir og protokollar på nett. Ein vil då berre få tilsendt papir som ikkje er tilgjengelege på nett.

Svar frå ordførar:

Ordførar sa at dette har vore drøfta for fleire år sidan, men det vart ikkje semje om å gjennomføra det den gongen.

Det er fleire kommunar som allereie har starta med dette og nokre kommunar har brukt elektroniske sakspapir i fleire år.

Ordførar sa at dette var ei bra innspel som ein vil ta vidare.

Det vil koma litt meir informasjon om dette til junimøtet. Administrasjonen vil så førebu ei sak på overgang til elektronisk sakspapir til kommunestyret i september.

Drøfting:

Det kom reaksjonar frå enkelte om at dei var litt betenkt over dette då det ville vera slitsamt å sitja framfor ein skjerm så lenge.

Det kom og positive signal på innspelet frå Venstre.

Skriv meldingar og innspel vart tekne til orientering slik dei ligg føre.

MASFJORDEN KOMMUNE

Sakspapir

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	29.04.2010	032/10	Alf Strand

Arkiv: N-216	Arkivsaknr.: 10/74
--------------	--------------------

SAK 032/10 - KLAGESAK - SKULESKYSS I FOSSDALEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
Saka vert lagt fram med same tilråding som sist.

Finansiering

Heimel

Opplæringslova § 7-1

KS-032/10 VEDTAK:

Rådmannen får fullmakt til å forhandla med foreldra om skyss til elevane ut over tidlegare vedtak som lyder:

”Kommunen dekkar skyss for elevane i Fossdalen 4 dagar i veka morgon og kveld i tida 1. oktober til 31. mars så lenge ein av elevane går i småskulen.”

Kommunestyret blir orientert om utfallet.

Finansiering

Heimel

Opplæringslova § 7-1

Det skjedde i Kommunestyret den 29.04.2010:

Partia hadde gruppemøte på denne saka.

Liv Oda Dale, Ap, sette fram slikt fellesframlegg frå partia:

*Rådmannen får fullmakt til å forhandla med foreldra om skyss til elevane ut over tidlegare vedtak.
Kommunestyret blir orientert om utfallet.*

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

SAKSTILFANG:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	16.11.2009	Fylkesmannen i Hordaland	Vedtak i klagesak om skuleskyss
3	U	12.03.2010	Mona Ynnesdal	Skuleskyss Fossdalen - melding om vedtak
4	I	31.03.2010	Mona Karin Ynnesdal og Kjell Åge Ynnesdal	Klage på avgjerd om skuleskyss til Fossdal

SAKSUTGREIING:

BAKGRUNN/ FAKTA

Det vert vist til saksutgreiinga til sak 05/10. Kommunestyret gjorde i møte 25/2 2010, sak 005/10 slikt vedtak:

Kommunen dekkar skyss for elevane i Fossdalen 4 dagar i veka morgon og kveld i tida 1. oktober til 31. mars så lenge ein av elevane går i småskulen.

I brev av 31.03.2010 klagar Mona Karin og Kjell-Åge Ynnesdal på dette vedtaket. Dei meiner at skulevegen for borna i Fossdal er slik at dei må ha skyss heile året og så lenge dei går i grunnskulen.

Det er ikkje kome til nye saksopplysningar sidan kommunestyret sist hadde saka oppe. Fylkeskommunen ville ikkje gje skyss sidan vegstrekninga ikkje er lang nok eller farleg nok. Mor har klaga avgjerda inn for fylkesmannen, som har gjeve avslag på klagen fordi vegen ikkje er "særleg farleg eller vanskeleg".

Kommunestyret har i sitt vedtak lagt til grunn at vegen er så pass farleg og vanskeleg at småskuleelevar bør få skyss i den mørke årstida, frå 1. oktober til 31. mars.

Kommunestyret meiner dermed at elevar frå 5. klasse og oppover skal kunna gå til og frå bussen i den lyse årstida.

Fylkesmannen har slått fast at borna ikkje har rett på skyss. Det er ei avgjerd som ikkje kan påklagast.

I høvet til retten til skyss har kommunestyret vore imøtekommande, brukt sitt skjønn og gått inn for skyss for småskuleeleven i deler av året.

Kommunestyret må sjølv ta stilling til om det skal stå fast på sitt tidlegare vedtak eller vurderast saka på nytt. Eit alternativ kan då vera at foreldra får godtgjort pr. km for å kjøra borna til busstoppen den tida på året då dei ikkje får skyss. Det er egne satsar for dette.

KONKLUSJON

Klagesaka vert lagt fram for kommunestyret utan ny tilråding frå rådmannen. Rådmannen viser til framlegg til vedtak i sak 05/10.

**Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret den 29.04.2010 vert
vitna:**

Håkon Matre
Ordførar

Karstein Totland
Kommunestyremedlem

Per Einar Langhelle
Kommunestyremedlem